




KLAGENEMNDSSEKRETARIATET



Årsrapport 2019

VELKOMMEN TIL BERGEN

Bergens Tidende



Utgang
Exit

Innhald

I	Leiaren har ordet	7	IV	Styring og kontroll i verksemda	41
II	Introduksjon til verksemd og hovudtal	9	4.1	Overordna om styring og kontroll av verksemda i 2019	41
2.1	Klagenemndssekretariatet.....	9	4.2	Kompetanseoverføring	42
2.2	Samfunnsoppdrag, visjon, strategiske mål og verdiar	9	4.3	Beredskap, tryggleik og HMS.....	42
2.3	Mål og prioriteringar	11	4.4	Personvern	42
2.4	Resultatkjede som viser fram viktige samanhengar.....	11	4.5	Mangfald og likestilling - inkluderingsdugnaden.....	42
2.5	Generelt om nemndene i Klagenemndssekretariatet.....	13	4.6	Offentlege innkjøp og arbeidslivskriminalitet....	44
2.6	Fagområde for alle nemndene	13	4.7	Digitaliseringstiltaka gjennom året	44
2.7	Omtale av organisasjonen og leiinga i Klagenemndssekretariatet.....	15	4.8	Styring og kontroll	45
2.8	Lokale	17	4.9	Risikovurderingar.....	45
2.9	Inkluderande arbeidsliv, verneombod og bedriftshelseteneste	17	V	Vurdering av framtidsutsikter	47
2.10	Økonomi i Klagenemndssekretariatet	18	VI	Årsrekneskap	51
III	Aktivitetar og resultat i 2018	21	6.1	Leiarkommentar til årsrekneskapen for 2019....	51
3.1	Overordna om aktivitetar og resultat	21	6.2	Prinsippnote til årsrekneskapen	52
3.2	Nøkkeltal	22			
3.3	Overordna om ressursprioriteringar i 2019.....	22			
3.4	Aktivitet i Klagenemnda for offentlege innkjøp i 2019.....	23			
3.5	Konkurransklagenemnda.....	26			
3.6	KUD-nemndene 2019.....	28			
3.7	Stiftelsesklagenemnda	28			
3.8	Lotterinemnda.....	29			
3.9	Frivillighetsregisternemnda	31			
3.10	Medieklagenemnda	32			
3.11	Energiklagenemnda.....	34			
3.12	Kompetanseprosjektet i regi av Difi	34			
3.13	Nordisk samarbeid er etablert	35			
3.14	Innsynskrav 2019.....	35			
3.15	Vurderingar av om Klagenemndssekretariatet oppfyller dei strategiske måla.....	36			







I

I Leiaren har ordet

1.1 Klagenemndssekretariatet i god produksjon og vekst

Klagenemndssekretariatet har hatt eit svært produktivt år med mange og store klagesaker. Det har derfor vore svært utfordrande å prioritere ressursane rett, men tala viser at vi har klart å halde oss til dei ressursane som er tildelte til kvar enkelt nemnd ut frå den valde finansieringsmodellen.

Det er heilt avgjerande for funksjonen og framtida til organet at ressursane har vore prioriterte rett i året som har gått. I etableringsfasen og spesielt i 2018 blei ressursane til KUD-nemndene brukte opp hausten 2018, og det førte til at sekretariatet måtte avgrense ressursane til desse nemndene resten av året. Ny organisering med ein jurist som er ansvarleg for alle KUD-nemndene, og meir spesialisering internt, har vore viktig for å nå målet om å bruke ressursane jamt over heile året i 2019.

Organet har i 2019 vist at det klarer å handtere store og komplekse saker. Eit godt døme er at Konkurransseklagenemnda behandla den største saka sidan nemnda blei oppretta i 2017 (Telenor-saka), og klarte å avgjere saka innan 6 månader.


Organet har også vist at det har klart å omstille verksemda slik at produksjonen for KOFA har auka vesentleg i 2019. Klagenemndssekretariatet har dermed snudd trenden med aukande saksbehandlingstid for klagesaker til KOFA.

Saksbehandlarane har no opparbeida seg mykje kompetanse innan dei rettsfelte organet handterer. Det har gjeve høgare kvalitet og effektivitet i alle nemnder. Satsing på kompetanseutvikling er avgjerande for at eit organ som Klagenemndssekretariatet skal levera på dei strategiske måla organet har sett. Saksbehandlarane har vist ein imponerende evne og vilje til å auke kompetansen inna rettsfelte og det har gjeve dei gode resultatata organet har levert i 2019.

Ikkje minst har organet vist at det klarer å fase inn nye nemnder på rekordtid. Først i september 2019 fekk sekretariatet klarsignal om å starte arbeidet med å bli sekretariat for Energiklagenemnda. Energiklagenemnda er no allereie godt integrert i sekretariatet, og nemnda er klar for å ta imot klagesaker innanfor dei rettsfelte organet handhevar.

Eit godt samarbeid mellom nemnd og sekretariat er viktig for å nå dei strategiske måla våre når ressursane til organet er så knappe. Vi opplever at samarbeidet med nemndene er svært godt, og det er avgjerande for at vi saman skal kunne nå dei måla vi har sett oss. Det er kontinuerleg og god kommunikasjon mellom sekretariat og nemnd både på leiar- og saksbehandlarnivå. Vi har i løpet av året sett i gang eit kompetansemiddel prosjekt som er finansiert med midlar frå Difi, og dette prosjektet skal avsluttast våren 2020. Prosjektet er eit døme på tiltak som blir sette i verk for å samarbeide godt om nemndarbeidet.

Bergen,
28. februar 2020



Anneline Vingsgård
direktør





II

II Introduksjon til verksemd og hovudtal

2.1 Klagenemndssekretariatet

Klagenemndssekretariatet (KNSE) blei oppretta som eit sekretariat for seks nemnder. Konkurransseklagenemnda (KKN) og Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA) ligg under Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) og fire nemnder ligg under Kulturdepartementet (KUD): Medieklagenemnda, Stiftelsesklagenemnda, Lotterinemnda og Frivillighetsregisternemnda. Klagenemndssekretariatet blei oppretta 1. april 2017 og er underlagt etatsstyringa til Nærings- og fiskeridepartementet. Energiklagenemnda er komen til i ettertid og blei innlemma i organet frå 1. november 2019. Nemnda er underlagt Olje- og energidepartementet (OED).

Formålet med opprettinga av organet var å oppnå synergieffektar ved å samle sekretariatsfunksjonen for fleire nemnder. Færre administrative kostnader, felles lokalisering og administrasjon vil gje innsparing for det offentlege.

Hovudfunksjonen til Klagenemndssekretariatet er å sikre rettstryggleik for partane i dei klagene som kjem inn til organet.

Dette inneber konkret at organet skal handtere saksbehandlinga i klageprosessen, altså prosessen frå klaga kjem inn, til ei avgjerd blir send til klagaren. Dette omfattar mellom anna utgreiing av aktuelle juridiske problemstillingar, korrespondanse med og mellom partane og det å skrive utkast til avgjerd. Saka blir lagd fram for den aktuelle nemnda, og avgjerda blir send til klagaren/partane når ho er ferdig behandla.

2.2 Samfunnsoppdrag, visjon, strategiske mål og verdier

Klagenemndssekretariatet utarbeidde i 2018 ein strategiplan for 2018–2022.



Samfunnsoppdraget vårt

Handtere klagesaksbehandlinga for dei nemndene organet støttar til kvar tid.



Visjonen vår

Profesjonell og fagleg sjølvstendig behandling av klagesaker sikrar rettstryggleiken i klageprosessar.



Våre strategiske mål

- › Velfungerande organ med høg legitimitet
- › Låg sakshandsamingstid
- › Kvalitet
- › Profesjonalitet



Våre verdier

- › Kompetanse
- › Profesjonalitet
- › Openheit
- › Omsorg

2.3 Mål og prioriteringar

«Hovedprioriteringen til Klagenemndssekretariatet i 2019 er å drive et effektivt og velfungerende sekretariat for de seks nemndene det allerede betjener. Sekretariatet skal samtidig tilrettelegge for innlemmelsen av Energiklagenemnda i organisasjonen»

«Det er særlig viktig at saksbehandlingen for sakene til Klagenemnda for offentlige anskaffelser prioriteres i løpet av 2019, slik at saksbehandlingstiden reduseres til et akseptabelt nivå. Nærings- og fiskeridepartementet ber om en kvartalsvis rapportering, inkludert en analyse i utviklingen av saksbehandlingstiden for disse sakene, fra Klagenemndssekretariatet»

- Utdrag frå tildelingsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet av 16. januar 2019 til Klagenemndssekretariatet

Ein viktig føresetnad for å vere eit effektivt og velfungerande organ er høg kompetanse hos både administrativt tilsette og saksbehandlere. God kompetanse innafor dei rettsfeltene organet

håndterer, riktig rekruttering og ein stabil bemanning har derfor vore viktige mål for å drive mest mogeleg effektivt, og for å gje nemndene den kvalitet dei forventar på tenestene.

Klagenemndssekretariatet satt eit langsiktig mål om at ingen nemnder skal ha ein saksbehandlingstid over 3 månader. Konkurranselagenemndas gebyr og fusjonsvedtak har eigne fristar.


For KOFA var det eit eige mål frå Nærings- og fiskeridepartementet om å avgjere 160 klagesaker i 2019.

2.4 Resultatkjede som viser fram viktige samanhengar

Modellen skildrar korleis Klagenemndssekretariatet ved dei ulike aktivitetane våre gjer om innsatsfaktorane til produkt og tenester som er retta mot eksterne brukarar og samfunnet. Resultatkjeda formidlar essensen i verksemda i Klagenemndssekretariatet og viser samanhengen mellom innsats, aktivitetar og resultat.



RESULTATKJEDE



NEMNDENE I KLAGENEMNDSSEKRETARIATET

Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA)

Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA) er eit uavhengig klageorgan som er oppretta av Nærings- og fiskeridepartementet. KOFA gir rådgivande fråsegner i saker som gjeld brot på innkjøpsregelverket. I tilfelle der det er gjennomført eit ulovleg direkte innkjøp, har KOFA også myndighet til å påleggje brotsgebyr. Georg Fredrik Rieber-Mohn var leiar for nemnda fram til 1. juli 2019. Etter det overtok førstelagmann Sverre Nyhus leiarskapet.

Konkurransesklagemnda (KKN)

Konkurransesklagemnda er ein uavhengig klageinstans for alle vedtak fatta av Konkurransetilsynet, bortsett frå vedtak etter pristiltakslova. Vedtak om føretaks-samanslutningar, gebyrvedtak som følgje av ulovleg samarbeid og misbruk av dominans, og andre vedtak, inkludert klager på avslag om innsyn, skal klagast inn til Konkurransesklagemnda. Advokat Karin Fløistad er leiar for nemnda.

Medieklagenemnda

Medieklagenemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Medieklagenemnda behandlar klager på vedtak som er fatta av Medietilsynet. I tillegg behandlar Medieklagenemnda klager over Norsk filminstitutt og dei regionale filmsentera sine vedtak etter regelverket om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk. Sigve Gramstad leia nemnda fram til 1. juli 2019. Etter det overtok professor Bjørnar Borvik.

Stiftelsesklagemnda

Stiftelsesklagemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Klagenemnda behandlar klager på vedtak som er fatta av Stiftelses-tilsynet. Dommar Hanne Ombudstveit leia nemnda fram til 1. juli 2019. Etter det overtok rådgjevar Gudmund Knudsen.

Lotterinemnda

Lotterinemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Lotterinemnda behandlar klager på vedtak etter lotterilova som er fatta av Lotteri- og stiftelsestilsynet i første instans. I tillegg behandlar klagenemnda vedtak som Lotteri- og stiftelsestilsynet har fatta etter forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar. Lagdommar Elisabeth Wittemann er leiar av nemnda.

Frivilligheitsregisternemnda

Frivilligheitsregisternemnda er ei sjølvstendig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Nemnda behandlar saker som er knytte til registrering i Frivilligheitsregisteret. Lagdommar Elisabeth Wittemann er leiar av nemnda.

Energiklagenemnda

Energiklagenemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta av Olje- og Energidepartementet. Energiklagenemnda behandlar klager over dei enkeltvedtak Reguleringsmyndigheten for energi (RME) fattar. Advokat Per Conradi Andersen er leiar av nemnda.

2.5 Generelt om nemndene i Klagenemndssekretariatet

Dei ulike nemndene Klagenemndssekretariatet koordinerer, har ei rekkje likskapstrekk. Alle nemndene er statlege forvaltningsorgan som utøver offentleg mynde, og som er kollektivt leidde og plasserte utanfor det ordinære forvaltningshierarkiet. Dei fleste nemndene har som einaste oppgåve å overprøve eller stadfeste vedtak som er gjorde av eit anna statleg forvaltningsorgan. Vedtaka kan berre overprøvast av ordinære domstolar, ikkje av eit anna forvaltningsorgan. KOFA er i ei særstilling fordi nemnda er eit tvisteløysingsorgan som avgjer tvistar mellom offentlege oppdragsgjevarar og leverandørar, eller gjev gebyr ved ulovlege direkte innkjøp. Det finst altså ikkje noko overordna forvaltningsvedtak nemnda skal overprøve.

Felles for alle nemndene organet koordinerer, er at dei ordinære inngrepsmoglegheitene for regjeringa/departementet er avskorne. Klagenemnder som overprøver forvaltningsvedtak, skal fungere som ein rettstryggleiksgaranti for borgarar som meiner at det er teke feilaktige avgjerder i ei sak. Ved å samle sekretariatsfunksjonen i Klagenemndssekretariatet for alle dei sju nemndene har ein sørgt for ein klar organisatorisk avstand mellom klagenemnd og

førsteinstans. Dette er viktig for å skape tillit til at nemndene gjer ei sjølvstendig vurdering av vedtaket i første instansen.

Storleiken på sakene varierer stort mellom nemndene. Konkurransesklagemennda har store og svært arbeidskrevjande saker, medan dei nemndene som er organiserte under Kulturdepartementet, stort sett har mindre arbeidskrevjande saker. Det varierer likevel også her, og vi har døme på store og krevjande saker for både Medieklagemennda og Lotterinemnda i 2019.


Klagenemndssekretariatet har i dag 6 nemndleiarar for dei 7 nemndene organet har ansvar for. Lotterinemnda og Frivilligheitsregisternemnda har same nemndleiar, lagdommar Elisabeth Wittemann. Nemndleiarane er anten dommarar, advokatar eller professorar frå universitetet som har god erfaring og kompetanse innan dei rettsfelte nemnda handhevar.

KOFA har møte kvar måndag, og alle møta blir gjennomførte via telefonkonferanse. Dei andre nemndene har møte når det er behov, og det blir gjennomført fysiske møte eller telefonkonferansar i Oslo eller i Bergen.



Nemndsleiarane: Førstelagmann Sverre Nyhus (KOFA), Professor Bjørnar Borvik (Medieklagemennda) og rådgjevar Gudmund Knudsen (Stiftelsesklagenemnda). Foto: Trude Brun Wilhelmsen

KLAGENEMNDSSEKRETARIATET




Klagenemndssekretariatet (KNS) er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet

KNS er eit saksførebuaende organ for sju ulike nemnder:



Organiseringa av Klagenemndssekretariatet:



2.6 Fagområde for alle nemndene

Fagområde	Heimel for klagesak
Klagenemnda for offentlege innkjøp	Lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter
Konkurransklagenemnda	Konkurranselova med tilhøyrande forskrifter, EØS-avtalen artikkel 53 og 54
Stiftelsesklagenemnda	Stiftelseslova, samvirkelova, dekningslova og arvelova
Lotterinemnda	Lov om Lotteri, forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå spilleoverskotet til Norsk Tipping, forskrift om bingo, forskrift om grasrotandel, Betalingsformidlingsforskrifta, forskrift om lotteri-tilsynet og lotteriregisteret.
Frivillighetsregisternemnda	Lov og forskrift om register for frivillig verksemd, forskrift om grasrotandel
Medieklagenemnda	Kringkastingslova, forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium, biletprogramlova, forskrift om tilskot til lokale lyd- og bildemedium, forskrift om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk, forskrift om tilskot til samiske aviser, lov om openheit om eigarskap i medier og forskrift om innovasjons- og utviklingstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium.
Energiklagenemnda	Naturgasslova med tilhøyrande forskrifter

2.7 Omtale av organisasjonen og leiinga i Klagenemndssekretariatet

Klagenemndssekretariatet blir leidd av Anneline Vingsgård, som har vore direktør for organet sidan oktober 2017. Helen Spilde er økonomi- og personaleiar, og Betty Teigland er administrativ støtte.

I 2019 endra organet den interne organiseringa slik at ein jurist er nemndansvarleg for alle KUD-nemndene. Dette har gjeve ein meir effektiv ressursbruk på KUD-nemndene, og denne organiseringa vil halde fram i 2020.

Intern organisering i 2019 var slik:
Seniorrådgjevar og nestleiar Jonn Sannes Ramsvik – nemndsansvarleg for KOFA.
Seniorrådgjevar Kari Sælen – nemndansvarleg for KUD-nemndene.

Seniorrådgjevar Elisabeth Sætre – nemndansvarleg for Konkurransklagenemnda.

Frå 1. november 2019 blei Energiklagenemnda knytt til organisasjonen, og seniorrådgjevar Sunniva Mariero Leknes vart tilsett som nemndsansvarleg.

Klagenemndssekretariatet er underlagt etatsstyringa til Nærings- og fiskeridepartementet, slik det går fram av tabellen, men Kulturdepartementet, som eig fire av nemndene, og Olje- og energidepartementet som eig Energiklagenemnda, er også involvert i etatsstyringa av organet.

Tal på tilsette, årsverk og sjukefråvær

15

tilsette per
1. januar 2019

18

tilsette per
31. desember 2019

10 %

gjennomtrekk


4,4 %

sjukefråvær

Gjennom det siste året har det vore ein meir ustabil ressursituasjon. 2 tilsette slutta i organisasjonen, og 6 vikarar blei tilsette på grunn av KOFA-prosjektet. Sjukefråværet har auka frå 3,79 prosent i 2018 til 4,4 prosent i 2019. Det meste av fråværet er svangerskapsrelatert. Det er gjennomført tilrettelegging og interne tiltak for å halde sjukefråværet på eit akseptabelt nivå. Målet har gjennom året vore å ha eit sjukefråvær på under 5 prosent.

Alderssamansetning blant dei tilsette i Klagenemndssekretariatet i 2019

Gjennomsnittleg alder blant dei tilsette er 34 år. Talet på tilsette var på 18 personar, og talet på utførte årsverk var på 16,8 mot 13,5 i den same perioden i 2018. To tilsette var i svangerskapspermisjon i 2019.



20-29


30-39

40-49

50-59

Kjønnsfordeling

Gjennom det siste året har det blitt tilsett fleire menn, men det er framleis flest kvinner blant dei tilsette.



2.8 Lokale

Klagenemndssekretariatet held til i moderne lokale i Zander Kaaes gate 7 sentralt i Bergen. Bygget har gode fellestenester og tilfredsstillende alle dei behova organet har no. Det er for tida ikkje mogleg å utvide lokala ved behov, og lokala vil derfor ikkje vera eigna ved utviding av organet til å omfatte fleire nemnder.



2.9 Inkluderande arbeidsliv, verneombod og bedriftshelseteneste

Klagenemndssekretariatet har vedteke ein handlingsplan for å sikre at organet har eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø for dei tilsette. Tiltak som har vore aktivt i bruk det siste året, er arbeidsplassvurdering og oppfølging av bedriftshelsetenesta. Alle tilsette har delteke på eit førstehjelp/hjartestartar kurs.

Fleire tilsette har vore i svangerskap, og det har vore tett oppfølging og tilrettelegging ved behov.

Samarbeidet mellom leiinga og verneombodet har vore godt gjennom året, og saman har vi arbeid for ein trygg og godt tilrettelagd arbeidsplass, slik at sjansen for skader blir redusert. Bedriftshelsetenesta har det vore eit tett samarbeid med gjennom heile 2019. Det har vore sett

inn tiltak for å førebyggje sjukefråvær, og alle tilsette fekk i haust tilbod om influensavaksine. Bedriftshelsetenesta skal støtte arbeidsgjevaren, arbeidstakarane og verneombodet i arbeidet med å skape sunne og trygge arbeidsforhold. Samarbeidet mellom Klagenemndssekretariatet og bedriftshelsetenesta er forankra i arbeidsmiljølova og forskrift om organisering, leing og medverknad.


Mange nye medarbeidarar har begynt hos oss gjennom året, så derfor har det vore gjennomført innføringsprosessar for å sikre rask integrering i organisasjonskulturen. Organet er framleis ungt, og det har aktivt vore sett inn trivselstiltak for å byggje ein felles organisasjonskultur.



2.10 Økonomi i Klagenemndssekretariatet

Årsrekneskapen til Klagenemndssekretariatet blir ført i samsvar med standard kontoplan for staten. Sjå elles prinsippnoten i årsrekneskapen.

SAMLA TILDELING OVER POSTANE 1-99	2019	2018
Budsjettramme i samsvar med tildelingsbrev for året	19 550 000	18 195 000
Overførte midlar frå fjoråret	1 006 000	889 000
Lønsoppgjer	300 000	365 000
Endringar i statsbudsjettet	1 394 000	1 550 000
Samla budsjettramme for 2019 – kap. 912, post 01	22 250 000	20 999 000
Samla budsjettramme for 2019 – kap. 912, post 22	8 357 000	2 000 000
Samla budsjettramme for 2019 – kap. 912	30 607 000	22 999 999



Nøkkeltal i årsrekneskapen for Klagenemndssekretariatet

Som tabellen nedanfor viser, utgjør lønsutgiftene størsteparten av budsjettet, med 72,7 prosent. Lønstala for Klagenemndssekretariatet inkluderer utbetaling av honorar til dei ulike nemndene på 5,8 millionar kroner. Husleige og kostnader som er knytte til drift og leige av eigedom, utgjør 7,2 prosent av driftsutgiftene i 2019. Utbetaling av sakskostnader i Konkurransklagenemnda utgjør 7,1 % av dei totale driftsutgiftene.

Dei samla lønsutgiftene til Klagenemndssekretariatet utgjør 21 071 571 kroner. Av dette utgjør 519 530 kroner refusjonar av sjukepengar og refusjon av foreldrepengar for tilsette i svangerskapspermisjon. Samla driftsutgifter for 2019 utgjør 28 979 530 kroner.


Lønsutgiftene per årsverk er auka frå 2018 til 2019 på grunn av at Klagenemndssekretariatet frå 2019 også står for utbetaling av honorar til alle nemndsmedlemmene i dei ulike klagenemndene. Totalt vart det utbetalt 5 784 000 kroner til nemndsmedlemmene i 2019. Klagenemndssekretariatet betaler nå ut honorar til alle nemndsmedlemmer i alle nemndene. Vi har derfor i tabellen nedanfor teke med eit nøkkeltal som viser lønsutgifter per årsverk utan honorarutbetalingar.

Frå 2018 er utgiftene til Konkurransklagenemnda førte på ein eigen post 22.

Konkurransklagenemnda

Kapittel 912, post 22	2019
Tal på nemndmedlemmer	10
Samla tildeling på post 22	8 357 000
Driftsutgifter	5 760 477

UTGIFTSFORDELING



Kapittel 912	2019	2018
Talet på tilsette, inklusiv traineer og mellombels tilsette	18	15
Talet på utførte årsverk	16,8	13,5
Samla tildeling	30 607 000	22 999 000
Driftsutgifter	28 979 730	21 809 061
Utnyttingsgrad	94,7 %	94,8 %
Lønsdel av driftsutgiftene	72,7 %	70,2 %
Lønsutgifter per årsverk	1 254 260	1 134 851
Talet på nemndmedlemmer i alle nemndene	53	48
Lønsutgifter per årsverk trekt i frå honorarutbetalingar til nemndmedlemmer	909 974	895 443



III

III Aktivitetar og resultat i 2019

3.1 Overordna om aktivitetar og resultat

Etableringa av organet tok mykje ressursar i årene 2017 og 2018, og det hadde negative effektar på saksbehandlingstida i alle nemnder. Saksbehandlingsskapasitet måtte brukast for å få gjennomført store prosjekt som blant anna nytt arkiv og nettside.

I 2019 var organet etablert og fokus var å bruke så mykje av dei tildelte ressursane på saksbehandling som mogeleg. KOFA prosjektet blei etablert tidleg i 2019 og målet var å få ned restansane og saksbehandlingstida. I tett dialog med NFD har organet rapportert kvartalsvis for at overordna organ skal kunne sjå utviklinga gjennom året. Tala visar at KOFA i 2019 avgjorde 50 fleire saker enn i 2018. Organet nådde målet om å gjere opp 160 saker i 2019 og klarte 8 meir saker enn målet var.

KOFA behandla i 2019 fleire gebyrsaker enn tidlegare år sidan det fyrst no ein ser effektane av innføringa av gebyrmyndigheita i 2017. Gebyrsakene er bindande vedtak som krev ein meir omfattande sakshandsaming. Viss talet på gebyrsaker aukar, vil dette ha ein negativ effekt på saksbehandlingstida grunna at gebyrsakene krev mykje meir ressursar per sak.

Målet for KUD nemndene var å etterstrebe ein saksbehandlingstid på 3 månader. Kompetansen innanfor rettsfelte har auka i sekretariatet og ein ser at det gir utslag på effektiviteten i sekretariatet. Måla om 3 månaders saksbehandlingstid for KUD nemndene har ein ikkje klart, men produktiviteten har vore svært god, og restansane har gått ned.

Målet for Konkurranseskjagenemnda har vore å klare dei lovfaste fristar som gjeld for behandlinga av gebyr og fusjonssaker. Det har og vore eit mål å ha ein effektiv saksavvikling av de innsynsklagesaker som blir behandla. Nemnda har klart alle måla som blei sett for 2019.

Målet for Energiklagenemnda var å etablere nemnda slik at nemnda kunne vere operativ

Hovudtrendar

2019

- Etterslepet i KOFA går ned, og talet på oppgjorde saker i 2019 har auka betydeleg samanlikna med 2018.
- Stor auke i talet på avgjorte saker i KOFA og saksbehandlingstida er på veg ned.
- Talet på avslutta gebyrsaker i KOFA har auka samanlikna med 2018 (11, og 3 av dei med gebyr)
- Færre saker blir avviste i KOFA
- Telenor saka blei behandla av Konkurranseskjagenemnda innan fristen, og den første fusjonssaka kom inn i 2019
- Det er stor auke i talet på innsynsklager til Konkurranseskjagenemnda
- Saksbehandlingstida i Stiftelsesklagenemnda er betydeleg redusert, og framdrifta har auka vesentleg i 2019.
- Saksbehandlingstida i Lotterinemnda har auka i 2019, men talet på avslutta saker auka, og framdrifta er god.
- Saksbehandlingstida i Medieklagenemnda har auka i 2019, men det er god produksjon i nemnda.

få månader etter at tilsagn om etableringa av nemnda kom frå OED. Dette målet blei også nådd.

Administrativt har organet gjennomført ein rekkje aktivitetar for å utvikla organisasjonen vidare. Kompetanseutviklinga i form av eksterne og interne kurs, konferanse, artiklar og nyhende, rekrutteringstiltak og teambuilding både internt og med nemndsmedlemmar er nokre av dei tiltaka vi har gjennomført i 2019.

Oppsummert har Klagenemndssekretariatet hatt ein svært god måloppnåing i 2019. Meir fokus på saksavvikling etter at etableringsaktivitetane vart ferdigstilt i 2018 har gjeve gode resultat. Det er naudsynt å fortsetje denne prioriteringa slik at saksbehandlingstida til alle nemndene kjem ned i 3 månaders saksbehandlingstid.

3.2 Nøkkeltal

Nemnd	Etterslep, ubehandla 31. desember 2019	Nye innkomne saker i 2019	Avgjorde saker i 2019	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid
KOFA	113	152	167	407 dagar (rådgjevande saker) 62 dagar (prioriterte rådgjevande saker)
Konkurransesklagemnda	2	10	10	Fristane i lovverket blir haldne
Stiftelsesklagenemnda	10	29	30	129
Lotterinemnda	22	53	50	204
Frivilligheitsregisternemnda	2	9	13	179
Medieklagenemnda	17	24	17	194
Sum klager	166	277	287	

3.3 Overordna om ressursprioriteringar i 2019

Ressursane har vore styrte etter den modellen for finansiering av organet som er fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet. KUD finansierer arbeid for to juristar og betalar ein viss del av dei administrative kostnadene for organet. NFD finansierer arbeidet for KOFA og KKN.

Dei ulike departementa får dokumentasjon på at avsette og finansierte ressursar er i samsvar med tildeling av midlar, og at ein enklare kan måle effekten av brukte midlar.

Tidsregistrering per sak har gjeve meir kontinuerleg styringsinformasjon, og dette blir brukt aktivt av leiinga.

For KUD-nemndene er ressursbruken 2 årsverk gjennom året. Ressursbruken på KUD-nemndene er dermed i samsvar med løyvinga for 2019.

Energiklagenemnda blei starta opp 1. november 2019, og nemndleiaren og nemndmedlemmer

er oppnemnde. OED finansierer arbeid for ein jurist og betalar også ein viss del av dei administrative kostnadene for organet. Nemndleiaren har starta arbeidet med opplæring og plan for struktur og arbeid i 2020, i tett dialog med den nemndansvarlege i Klagenemndssekretariatet. Det er venta at dei første klagesakene i nemnda vil kome i første kvartal 2020. Nemnda har også fått utarbeidd ei nettside etter same mal som dei andre nemndene.

Ressurssituasjonen var veldig stabil første halvår, men blei meir ustabil i den siste delen av året. Ein av dei kritiske faktorane våre i 2019 var å halde på dei juristane som har meir enn tre års erfaring med KOFA. Dessverre har vi no mista to av dei mest erfarne juristane våre. Frå 2020 er det berre 2 seniorjuristar på offentlege innkjøp. Konsekvensen av at den mest erfarne juristen innanfor KOFA sluttar, er at det vil kunne påverke saksavviklinga og saksbehandlingstida i KOFA negativt i 2020.

Ressursbruk for saksbehandlarane i 2019

Ressursdisponering	Faktiske årsverk totalt for året	Budsjettert årsverk for året	Avvik årsverk totalt for året
KOFA	10,1	11,0	-0,9
KKN	1,1	1,0	0,1
KUD	2,0	2,0	0
OED	0,1	0,1	0
Tal på årsverk	13,3	14,1	-0,8

3.4 Aktivitet i Klagenemnda for offentlege innkjøp i 2019


Saksbehandlingstida for uprioriterte saker i KOFA auka i åra 2017–2019, og i januar 2019 blei derfor «Prosjekt KOFA» etablert. Klagenemndssekretariatet har eit mål om å få saksbehandlingstida ned til eit akseptabelt nivå i 2020–2021 og har brukt mesteparten av dei disponible midlane til å tilsetje vikarar som kan bidra til å auke saksavviklinga. I 2019 innebar det seks vikarar i løpet av året, som alle blei sette til å redusere etterslep i KOFA.

Klagenemndssekretariatet ser at alle tiltaka har bidrege til ein positiv trend i saksutviklinga i 2019. I 2019 avgjorde KOFA 50 saker meir enn året før.


Det er likevel eit stykke igjen før saksbehandlingstida er på eit akseptabelt nivå. Det tek tid før ein ser effektane av auka produksjon på saksbehandlingstida. Føresetnadene for å oppnå og halde oppe låg saksbehandlingstid er god nok grunnbemanning i sekretariatet, lite gjennomtrekk av tilsette, få gebyrsaker og at KOFA generelt ikkje opplever auka tilstrøyming av nye saker.

Saksbehandlingstida for prioriterte saker er framleis låg (om lag 2 månader). Talet på prioriterte saker har halde seg stabilt dei siste åra, og det låg i 2019 på om lag 20 prosent av sakene.

Utvikling i saksbehandlingstida KOFA 2007–2019



Saksavvikling KOFA 2007–2019



Utviklingstrekk i sakene

Til liks med i 2018 ser vi at ein stor del av sakene som kjem inn til KOFA, reiser vanskelege spørsmål om kvar grenser skal trekkjast. Det er positivt at denne utviklinga held fram, og at saker med mindre tvil blir løyste utanfor KOFA. Som i 2018 ser vi ein samanheng mellom dette og talet på avviste saker. I 2019 var prosentdelen avviste saker om lag 20 prosent, altså same prosentdel som i 2018. Til samanlikning har dette talet tidlegare år stort sett vore mellom 25 og 30 prosent.

I 2019 fekk KOFA inn 27 saker om ulovlege direkte innkjøp med påstand om å gje gebyr. Dette er ein markant auke samanlikna med 2018, då KOFA fekk inn 15 slike saker.

Gebyrsakene krev meir ressursar enn rådgjevande saker, og det vil seie at sekretariatet treng meir ressursar til å behandle saker enn dei åra sekretariatet ikkje behandla gebyrsaker.

Vedtak om gebyr for ulovlege direkte innkjøp

Nemnda gav tre gebyr for ulovlege direkte innkjøp i 2019. Også i 2018 gav KOFA gebyr i tre saker. I 2019 sende KOFA i tillegg førehandsvarsel i to saker til.


I sak 2018/7 fekk Steigen kommune eit gebyr på 800 000 kroner for ulovleg direkte innkjøp av skytenester. Saka er eit døme på at det kan vere snakk om eit ulovleg direkte innkjøp sjølv om ein har kunngjort i forkant, dersom innkjøpet ein skal

gjere, ikkje kan reknast som inngått på grunnlag av vilkåra i avtalen, eller dersom ein inngår eit avrop som inneber ei vesentleg endring av rammeavtalen. Fleire av gebyra KOFA har gjeve, gjeld slike avrop. Det er viktig at oppdragsgjevarar gjer grundige vurderingar av korleis rammeavtalen blir lagd opp, og om han gjev grunnlag for å gjere eit planlagt avrop. Dette kan vise seg å vere ekstra viktig ved innkjøp på område som er prega av rask teknologisk utvikling.

KOFA gav gebyr til Norges Sjømatråd i 2018, og vedtaket blei teke inn for Oslo tingrett innanfor søksmålsfristen på to månader. Norges Sjømatråd trekte søksmålet, og gebyrvedtaket blei derfor ståande.

Ei sak om ulovleg direkte innkjøp som fekk mykje merksemd i 2019, var sak 2018/165 mot Det kongelege hoffet. Klagenemnda viste til at det skal gjerast ei funksjonsbestemt og føremålsretta tolking ved vurderinga av om eit organ skal reknast som ei statleg styresmakt. Nemnda kom til at Det kongelege hoffet måtte reknast som ei statleg styresmakt, som derfor var underlagd innkjøpsregelverket. Det kongelege hoffet hadde gjort ei ulovleg direkte innkjøp av målearbeid. Frå eit EU/EØS-rettsleg perspektiv var det klart at staten ikkje kan gjere unntak for slike oppgåver frå innkjøpsregelverket gjennom å leggje dei til eit organ som internrettsleg blir definert som at det ligg utanfor den ordinære statsforvaltninga. Innkjøpet var gjort før KOFA fekk tilbake myndet til å gje gebyr. Det var derfor ikkje heimel til å gje gebyr for det ulovlege direkte innkjøpet.

Utvikling i etterslep i KOFA 2007–2019



Innkomne klagesaker	152
Prioriterte rådgivande saker	36
Uprioriterte rådgivande saker	89
Gebysaker	27

Avgjorde saker	167
Tal på saker med regelbrot	53
Tal på saker utan regelbrot	71
Tal på saker som er trekte av klagaren	7
Tal på avviste saker	33
Tal på saker som har fått gebyr for regelbrot	3

Oppdragsgjever- og rådgjeverhabilitet

I løpet av 2019 har KOFA behandla fleire saker med merknader om inhabilitet, både hos oppdragsgjeverar og rådgjeverar som har vore nytta i innkjøpsprosessen.

Sak 2018/158 gjaldt ein plan- og designkonkurranse for prosjektering av det nye regjeringskvartalet. KOFA tok mellom anna stilling til merknader frå klagaren om rådgjeverhabilitet. Klagenemnda kom til at det ikkje var grunnlag for å konstatere at Nordic Office of Architecture hadde hatt ei rolle ved tilrettelegginga av konkurransegrunnlaget som gav den valde leverandøren ein klar konkurransefordel.

I sak 2018/76 kom klagenemnda til at den innleidde konsulenten var inhabil. Nemnda kom til at ein tidlegare forlovarrelasjon og seinare profesjonell kontakt ikkje kunne vurderast uavhengig av kvarandre. Klagenemnda la også vekt på at relasjonen verken var gjord kjend internt i organisasjonen til den som blei klaga inn, eller for leverandørane som deltok i konkurransen. I tillegg var konkurransemodellen som var brukt, kjenneteikna av utprega skjønnsbaserte kriterium.

Avgjerder om dialog i tilbodskonkurransar

I 2019 avgjorde KOFA fleire saker om rekkjevidda av tilgangen til dialog i tilbodskonkurransar etter innkjøpsforskrifta del II. Om sjølve gjennomføringa av dialogen kan sak 2019/344 tene som døme. Det var skildra i konkurransegrunnlaget at oppdragsgjevaren, hadde til føremål å gjennomføre dialog med leverandørane «i form av rettingar og avklaringar». Klagaren kommenterte at oppdragsgjevaren, med dette fråskreiv seg

retten til å føre forhandlingar. Utgangspunktet i forskrifta er likevel at oppdragsgjevaren berre pliktar å skildre kva han planlegg å gjere, og har som hovudregel rett til å ombestemme seg. Merknadene frå klagaren førte derfor ikkje fram.

Saker om tidspunktet for gjennomføringa av dialogen er til dømes sak 2019/342 og sak 2018/173. Det går fram av avgjerdene i desse sakene at oppdragsgjeverane har eit stort handlingsrom, med dei avgrensingane som følgjer av likebehandlingsprinsippet.

Framlegging for EFTA-domstolen

KOFA har vedteke å hente inn ei rådgjevande fråsegn frå EFTA-domstolen i sak 2018/157 (Scanteam AS), og det er fyrste gongen KOFA har gjort. Saka reiser spørsmål om det geografiske verkeområdet til innkjøpsregelverket. Problemstillinga er om innkjøpsregelverket kjem til bruk på innkjøp som er gjorde av utanriksstasjonen til ein EFTA-stat i eit tredjeland (utanfor EØS). Saka er tidfesta til 11. mars 2020.

Tilbakebetaling av klagegebyret

KOFA betalar tilbake klagegebyret i dei sakene der det konstaterte brotet på regelverket kan ha påverka resultatet av konkurransen. Sidan regelen om tilbakebetaling av klagegebyret blei teken inn i klagenemndsforordninga 1. januar 2017, er klagegebyret betalt tilbake i ei rekkje saker. I 2019 blei klagegebyret betalt tilbake i 32 saker.

Praksis viser at når det er konstatert brot på regelverket, stiller ikkje KOFA strenge krav ved vurderinga av om brotet «kan» ha påverka konkurransen slik at klagegebyret skal betalast tilbake. KOFA har mellom anna kome til at brotet «kan» ha påverka konkurransen ved brot på kravet til at det skal vere mogleg å etterprøve resultatet. Dette er eit brot som kan gjere det vanskeleg å dokumentere eller sannsynleggjere kva utfall konkurransen ville hatt dersom regelverket hadde blitt halde.

Administrative forhold

21. juni 2019 oppnemnde Kongen i statsråd nye nemndmedlemmer til KOFA. Medlemmene av nemnda er oppnemnde for perioden 1. juli 2019 til 30. juni 2023. Sverre Nyhus blei oppnemnd som ny leiar av klagenemnda. Seks nemndmedlemmer blei oppnemnde på nytt. Sorenskrivar Elisabeth

Wiik i Søre Sunnmøre tingrett blei oppnemnd som nytt nemndmedlem. I tillegg blei advokatane Alf Amund Gulsvik og Kjersti Holum Karlstrøm oppnemnde som nye nemndmedlemmer.

To plenumsmøte blei haldne i 2019. Det første møtet blei halde i mars 2019 og det andre i november 2019.

Andre aktivitetar

Klagenemndssekretariatet har sendt ut fire nyheitsbrev og arrangerte KOFA-konferansen 9. november 2019. Fagkonferansen til KOFA har blitt arrangert sidan 2006 og har med åra blitt ein av dei største innkjøpskonferansane i Noreg, med om lag 400 deltakarar. Føremålet med konferansen er å kaste lys over dei avgjerdene KOFA tek, slik at dei rettsavklaringane som blir gjorde, blir formidla til både oppdragsgjevarar, leverandørar og andre som er omfatta av regelverket for offentlege innkjøp.

På den siste konferansen presenterte den nye nemndleiaren Sverre Nyhus den nye klagenemnda og nokre refleksjonar rundt arbeidet til nemnda, medan nemndmedlemmene Karin Fløistad, Kristian Jåtog Trygstad og Alf Amund Gulsvik bidrog med faglege innlegg.



Advokat Hallgrim Fagvervold heldt innlegg om domstolskontroll i praksis.

3.5 Konkurransklagenemnda

Konkurransklagenemnda er klageinstans for vedtak frå Konkurransetilsynet etter konkurranselova. Klagenemndssekretariatet har vore sekretariat for nemnda sidan etableringa av nemnda 1. april 2017.

Konkurransklagenemnda har desse medlemmene: Karin Fløistad (leiar), Harald Evensen, Elisabeth Styrvold Wiggen, Elin Moen, Tore Lunde, Ronny Gjendemsjø, Jan Yngve Sand og Linda Orvedal. Nemndleiaren er utnemnd som embetsmann i ei åremålsstilling på seks år. Åremålet kan fornyast med éin periode. Dei andre medlemmene er oppnemnde for fire år, og kan oppnemnast på nytt.

Nærings- og fiskeridepartementet søkte i 2019 etter nye medlemmer, slik at nemnda kan bli betrusta dersom nemnda får mange og store saker i same periode. To nye medlemmer, lagdommer Bjørn Eirik Hansen og stipendiat Tyra Merker, blei oppnemnde i januar 2020.

Aktivetsrapporten til Konkurransklagenemnda dekkjer perioden frå 1. januar 2018 til 31. desember 2019. Konkurransklagenemnda registrerte desse sakene:



Advokat Karin Fløistad, som er nemndsleder i Konkurransklagenemnda og nemndsmedlem i KOFA og Medieklagenemnda heldt foredrag på KOFA konferansen.

Saksoversikt Konkurransklagenemnda

Tal på saker

Saker avslutta med avgjerd i 2019	9
Saker trukne	1
Ikkje avslutta saker	2
Innkome saker i 2019	10


Saker avslutta med vedtak fordelt på saksforhold

Klage på vedtak om lovbrotsgebyr for brot på konkurranselova § 11	1
Krav om dekking av sakskostnader	1
Klage på avslag om krav om innsyn	7

Det er stor variasjon når det gjeld omfang, kompleksitet og ressursbruk på sakene som blir behandla i Konkurransklagenemnda kvart år. Det er derfor utfordrande å styre ressursane som Klagenemndssekretariatet yter til nemnda. I 2019 hadde Konkurransklagenemnda ei stor og svært ressurskrevjande sak til behandling, i tillegg til ei rekkje mindre saker.

Den mest ressurskrevjande saka var klaga på vedtaket frå Konkurransetilsynet om lovbrotsgebyr til Telenor for brot på konkurranselova § 11 og EØS-avtalen artikkel 54, «Telenorsaka», som kom inn 15. januar 2019. I tillegg fekk Konkurransklagenemnda si første klage på vedtak om inngrep mot ei føretakssamanslutning 9. desember 2019. Dei andre klagesakene er saker om klage på avslag på krav om dokumentinnsyn og ei sak om krav om dekking av sakskostnader knytt til ei innsynsklagesak.

Telenorsaka var ei stor materiell sak for Konkurransklagenemnda i 2019, både når det gjeld alvor, omfang, ressursar og merksemd rundt saka.



Telenorsaka var ei stor materiell sak for Konkurransklagenemnda i 2019, både når det gjeld alvor, omfang, ressursar og merksemd rundt saka.

Konkurransetilsynet gav Telenor eit lovbrotsgebyr på 788 millionar kroner for påstått misbruk av dominerande stilling i mobilmarknaden i Noreg.

Konkurransklagenemnda stadfesta vedtaket frå Konkurransetilsynet om at Telenor hadde misbrukt den dominerande stillinga i den norske mobilmarknaden. Konkurransklagenemnda delte seg i eit fleirtal (Lunde og Sand) og eit mindretal (Gjendemsjø). Mindretalet fann at det ikkje var grunnlag for å konkludere med at Telenor hadde brote konkurranselova § 11. Nemnda stadfesta utmålinga av lovbrotsgebyret til 788 millionar kroner.

Konkurransklagenemnda avgjorde saka innanfor ein periode på seks månader. For å behandle saka innanfor denne ramma måtte fleire av nemnd-medlemmene ta ut permisjon frå den ordinære jobben sin i delar av saksbehandlingsperioden. Sekretariatet måtte bruke fleire tilsettressursar på denne saka i periodar av saksbehandlinga.

Vedtaket i Telenorsaka er anka til Gulating lagmannsrett, som er tvunge verneting for vedtaket frå nemnda.

Telenorsaka blei den første saka som aktualiserte, og avklarte, spørsmålet om Konkurransklagenemnda er ein domstol eller ei konkurransestyresmakt etter ODA-protokollen og ESA, fordi EØS-avtalen artikkel 54 kom til bruk. Nærings- og fiskeridepartementet har på generelt grunnlag klarlagt at Konkurransklagenemnda er ein domstol i relasjon til ESA, og at tilhøvet til ESA dermed er regulert av artikkel 15 kapittel II, protokoll 4 ODA.

Alle vedtak frå Konkurransklagenemnda i 2019 blei gjorde samrøystes, med unntak av Telenorsaka.

Av dei ni sakene som er avslutta, er éi av sakene ei sakskostnadssak som ikkje er ei klagesak. Av dei 8 klagesakene nemnda har behandla, har klagenemnda stadfesta vedtaket frå Konkurransetilsynet i 6 av 8 saker. I ei innsynsklagesak fekk klagaren delvis medhald, og i ei anna innsynsklagesak blei saka send tilbake til Konkurransetilsynet for ny vurdering.

Av sakene som kom inn i 2019, men som framleis ikkje er avgjorde, er det to saker. Ei av sakene er som nemnt den første saka i Konkurransklagenemnda om inngrep mot ei føretakssamanlutning. Klagarane i denne sak er Prosafe SE og Floatel International Limited. Konkurransklagenemnda har frist til 5. mars 2020 til å gjere vedtak i saka. Den andre saka er ei klage på innsyn i det same sakskomplekset, og denne saka vil bli avgjort i starten av 2020.

Konkurransklagenemnda får inn mange klager på avslag på krav om innsyn. Behandlinga av desse tek ein god del ressursar frå sekretariatet. Nærings- og fiskeridepartementet, som tidlegare var klageorgan for slike saker, fekk få slike klager i åra før Konkurransklagenemnda tok over denne oppgåva. Det står att å sjå om auken i slike klagesaker til Konkurransklagenemnda vil halde fram i 2020.

Nemndas leiar er svært nøgd med dei tenestene Klagenemndssekretariatet gjer til nemnda. Både kvaliteten på det juridiske arbeidet, effektiviteten og profesjonaliteten frå både saksbehandlarar og administrasjon seier ho er utmerket.

3.6 KUD-nemndene 2019

Totalt sett har produksjonen for KUD-nemndene vore svært god i 2019. I alle KUD-nemndene har talet på oppgjorde saker auka i 2019. Auka kompetanse og erfaring innanfor dei ulike rettsfeltene som nemndene handterer, har bidrege til desse gode tala. Det har også innverknad på resultatet at dei store og komplekse sakene for KUD-nemndene har vore færre i 2019 enn i 2018.

Frå 1. april 2019 blei sekretariatsarbeidet for KUD-nemndene samla hos færre tilsette enn tidlegare. Det blei tilsett ein jurist som nemndansvarleg for KUD, og to andre juristar blei peika ut som saksbehandlarar i 50 prosent arbeid for desse nemndene. Bakgrunnen for endringane var

at det var vanskeleg å ha kontroll på at KUD-arbeidet ikkje gjekk over dei to stillingane som KUD finansierer. Samtidig var det viktig å halde oppe fleksibiliteten og gjere organet mindre sårbart dersom nokon slutta, og det blei derfor bestemt at tre tilsette skulle ha dette ansvaret saman, og ikkje berre to.

Utfordringane med arbeidet for KUD-nemndene er at talet på saker som kjem inn, og når dei kjem inn, varierer stort. Dette kan lett ha negativ innverknad på saksbehandlingstida. Kompleksiteten og omfanget av kvar sak er også svært varierende.


3.7 Stiftelsesklagenemnda

Medlemmene i Stiftelsesklagenemnda er frå 1. juli 2019 leiar Gudmund Knudsen, Henning Solli og Kamilla Silseth. Personleg varamedlem for Knudsen er Johan Giertsen. Personleg varamedlem for Henning Solli er Anne Danielsen Wood. Personleg varamedlem for Silseth er Inger Julie Aasland.

Det har vore ein auke i talet på klagesaker for Stiftelsesklagenemnda frå 2018, og det kom i 2019 inn 29 saker. Produksjonen i nemnda har vore svært god. Stiftelsesklagenemnda avgjorde 30 saker i 2019. Dette er elleve saker meir enn i 2018. Saksbehandlingstida har gått vesentleg ned, med heile 100 dagar frå året før.

Dei fleste sakene Stiftelsesklagenemnda hadde til behandling i 2019, gjaldt omdanning (endring av vedtekter, samanslåing av stiftingar eller oppheving av stiftingar). Av desse gjaldt sju saker søknad om oppheving av stifting, og i to av desse sakene gjorde Stiftelsesklagenemnda

Stiftelsesklagenemnda Utvikling i saksbehandlingstida



Status Stiftelsesklagenemnda per 31.12.2019

Tal på saker 2019

Saker avslutta med vedtak	30
Saker avslutta utan vedtak (klage trekt)	0
Sum	30

Saker der klagen blei tatt til følgje	4
Saker der klagen ikkje blei tatt til følgje	16
Saker der klagen blei tatt delvis til følgje	2
Klagen avises	2
Krav om saksomkostningar tas delvis til følgje	2
Krav om saksomkostningar tas ikkje til følgje	3
Krav om saksomkostningar tas til følgje	1

Saker avslutta med vedtak, fordelt på saksforhold


Styreavsettelse	2
Omdanning	13
Krav om dekning av saksomkostnader	8
Klage over avvisningssaker	6
Øvrige saker	1

om vedtaket frå Stiftelsestilsynet om å nekte oppheving av stiftinga, slik at omdanning til oppheving blei tillate. Det blei også behandla åtte saker om dekking av saksomkostnader og to saker om styreavsettelse. I begge sakene om styreavsettelse heldt Stiftelsesklagenemnda fast ved vedtaket frå Stiftelsestilsynet om avsettelse av styremedlemmer.

I sak 2019/414 behandla Stiftelsesklagenemnda ei juridisk problemstilling som ikkje har vore oppe i Stiftelsesklagenemnda tidlegare. Saka gjaldt eit samvirkeføretak som ønskte å danne seg om til aksjeselskap. Omdanninga var vedteken på årsmøtet til samvirkeføretaket, men årsmøtevedtaket må etter samvirkelova § 146 andre ledd godkjennast av Stiftelsestilsynet. Vilkår for godkjenning er etter samvirkelova § 146 andre

ledd at det er «saklig grunn» for årsmøtevedtaket om omdanning til aksjeselskap. Det var store verdiar i samvirkeføretaket. Stiftelsestilsynet avlo søknaden om omdanning på bakgrunn av mistanke om at føremålet med omdanning var eit kortsiktig profittmotiv blant medlemmene. Stiftelsesklagenemnda la til grunn at det var forretningsmessige grunnar til omdanninga, og at det derfor var sakleg grunn for vedtaket. Stiftelsesklagenemnda oppheva dermed vedtaket frå Stiftelsestilsynet og godkjende omdanninga på nærare vilkår. Vilåret var at 41 711 000 kroner skulle overførast til ei nyoppretta stifting med allmenntilgjengelig føremål. Dette var, slik Stiftelsesklagenemnda såg det, i tråd med vedtektene til samvirkeføretaket og dei interessene som vedtektene og samvirkelova skulle sikre.

Saksavvikling i Stiftelsesklagenemnda



3.8 Lotterinemnda


Medlemmene i Lotterinemnda er leiar Elisabeth Wittemann, Åse Gustavsen og Ingjald Sørhøy.

Personleg vara medlem for Wittemann er Kaja Moen Welo, og personleg vara medlem for Gustavsen er Bård Eikeset. Personleg vara medlem for Ingjald Sørhøy er Erling Sivertsen.

Det har vore ein auke i talet på klagesaker for Lotterinemnda frå 2018, og det kom i 2019 inn 53 saker. Nemnda avgjorde 51 saker i 2019, så produksjonen har vore høg. Dette er ti saker meir enn i 2018. Saksbehandlingstida har likevel gått opp, men dette kjem delvis av at Klagenemndssekretariatet hausten 2018 måtte redusere ressursbruken resten av året for Lotterinemnda for at ressursbruken ikkje skulle gå over dei tildelte årsverka for nemndene som er underlagde Kulturdepartementet totalt for året. Dels kjem det av at sak 2018/236 (Lyones) kravde mykje ressursar. Saka kom inn i juni 2018, men blei først avgjort 27. januar 2019.

Lotterinemnda gjorde vedtak 27. januar 2019 overfor Lyones, der Lotterinemnda stadfesta vedtaket frå Lotteritilsynet med pålegg om stans av all verksemd Lyones hadde i Noreg. Lotterinemnda konkluderte med at heile verksemda til Lyones er ramma av forbodet i lotterilova § 16 andre ledd som eit ulovleg pyramideliknande omsetningssystem. Lotterinemnda la i vurderinga til grunn at omsetningssystemet rettar seg mot forbrukarar, og at systemet har ein pyramideliknande struktur der ein yter vederlag for å få delta. I tillegg blir deltakarane gjevne utsikt til ei mogleg inntekt, og inntektene skriv seg frå at andre blir verva til systemet, snarare enn frå sal eller forbruk av varer, tenester eller andre ytingar.


Lotterinemnda Utvikling i saksbehandlingstida



Konsekvensane av vedtaket i Lotterinemnda var at Lyones omgåande måtte stanse all drift av, deltaking i og utbreiing av verksemda i Noreg. Lyones varsla søksmål og bad om at vedtaket ikkje skulle bli sett i verk før etter at saka var rettskraftig avgjort av domstolane.

Lotterinemnda avgjorde 28. februar 2019 at vedtaket skulle bli sett i verk og ikkje utsett. Nemnda meinte at det ut frå typen lovbrøt og potensialet for alvorlege skadeverknader ville vere svært problematisk å tillate verksemda å

Lotterinemnda saksutvikling 2001-2019



Saksutvikling i Lotterinemnda

Tal på saker 2019

Saker avslutta med vedtak	48
Saker avslutta utan vedtak (klage trekt)	3
Sum	51

Saker der klagen blei tatt til følgje	2
Saker der klagen ikkje blei tatt til følgje	46

Saker avslutta med vedtak, fordelt på saksforhold

Avslag på søknad om merverdiavgiftskompensasjon	21
Bingotillatelse	2
Lotteriverdig organisasjon	6
Pyramidelignende omsetningssystem	1
Redusert søknadsbeløp	2
Smålotteri	2
Tilskudd fra spilleoverskuddet til norsk tipping	9
Avvisning av søknad om merverdiavgiftskompensasjon	8

halde fram når nemnda hadde konkludert med at Lyoness er eit ulovleg pyramideliknande omsetningssystem. Om vedtaket hadde blitt utsett, ville det også ført til at deltakarane i systemet blei utsette for utøving av ulovleg verksemd i perioden fram til endeleg dom.

Så langt er det ikkje teke ut søksmål i saka.

Sakene Lotterinemnda elles har hatt til behandling, har variert i omfang, men som åra før har dei fleste av sakene handla om klager på avslag eller avvisingar av søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Ei av dei var sak 2019/251, der Lotterinemnda heldt fast ved avslaget frå Lotteritilsynet på søknad om momskompensasjon frå konkursbuet til arrangøren av Sykkel-VM 2017 (Bergen 2017 AS).

For å ha rett til kompensasjon må søkjaren dokumentere at frivillig innsats er ein viktig del av verksemda. Kravet må vere oppfylt både på søknadstidspunktet og utbetalingstidspunktet. På søknadstidspunktet var Bergen 2017 AS under konkursbehandling, og den frivillige innsatsen i konkursbuet omfatta noko gratis hjelp frå det tidlegare styret i samband at bustyraren skulle skaffe seg oversikt over buet etter Sykkel-VM i Bergen 2017.

Lotterinemnda la til grunn at innsatsen frå det tidlegare styret var av avgrensa omfang, og kom til at det ikkje var dokumentert at frivillig innsats var ein viktig del av verksemda til konkursbuet på søknadstidspunktet. Lotterinemnda viste også til at rekneskapen til Bergen 2017 AS ikkje var behandla og godkjend av eit kompetent organ, og at konkursbuet også av denne grunnen var avskore frå å få kompensasjon. Påstanden frå konkursbuet om at Lotteritilsynet hadde vore fordomsfulle i behandlinga av søknaden, førte heller ikkje fram.



3.9 Frivilligheitsregisternemnda

Medlemmene i Frivilligheitsregisternemnda er leiar Elisabeth Wittemann, Åse Gustavsen, Ingjald Sørhøy, Stian Slotterøy Johnsen og Bernard Enjolras.

Personleg vara medlem for Wittemann er Kaja Moen Welo, og personleg vara medlem for Gustavsen er Bård Eikeset. Personleg vara medlem for Ingjald Sørøy er Erling Sivertsen, og personleg vara medlem for Stian Slotterøy Johnsen er Marie Holmin. For Enjolras er Ivar Eimhjellen personleg vara medlem.


Det kom i 2019 inn ni saker til Frivilligheitsregisternemnda. Dette er éi sak mindre enn i 2018. Frivilligheitsregisternemnda avgjorde 13 saker i 2019. Dette er sju saker meir enn i 2018, så også i denne nemnda har produksjonen auka i 2019. Saksbehandlingstida har likevel gått opp, men dette kjem delvis av at Klagenemndssekretariatet hausten 2018 måtte redusere ressursbruken resten av året for Frivilligheitsregisternemnda for at ressursbruken ikkje skulle gå over dei tildelte årsverka for nemndene som er underlagde Kulturdepartementet, totalt for året.

Dei fleste sakene gjaldt avslag på søknad om registrering for deltaking i Grasrotandelen.

Éi av sakene, sak 2019/461, blei send tilbake til Frivilligheitsregisteret for ny behandling, elles heldt Frivilligheitsregisternemnda fast ved vedtaket frå Frivilligheitsregisteret i dei andre sakene.

I sak 2018/239 behandla Frivilligheitsregisternemnda spørsmålet om Coalition for Epidemic Preparedness Innovations (CEPI) kunne registrere vedtektene sine i Frivilligheitsregisteret

Frivilligheitsregisternemnda Utvikling i saksbehandlingstida




eller ikkje. Ein føresetnad for registrering er at innhaldet i vedtektene er i tråd med den ulovfesta foreiningsretten.

Dei ytre rammene for organisasjonsforma foreining er knytt til kven som har eigarrett over nettoformuen til organisasjonen. Foreininga er sjøveigande, og medlemmene i ei foreining kan derfor, i motsetning til deltakarar i eit selskap, ikkje avgjere at ein skal likvidere foreininga og dele nettoformuen.

I vedtektene til CEPI gjekk det fram at ved oppløysing av organisasjonen skulle eventuelle resterande midlar bli fordelte til dei respektive investorane i foreininga, basert på dei samla midlane investorane hadde overført til CEPI. Dette innebar, slik Frivilligheitsregisternemnda vurderte det, at CEPI ikkje er ei sjøveigande foreining, fordi medlemmene kunne disponere over nettoformuen til samanslutninga. At klagaren meinte at eventuelle attverande midlar berre skulle nyttast av støttegjevarane i tråd med føremålet til CEPI, endra ikkje vurderinga frå nemnda. Dette gjekk heller ikkje fram av vedtektene.

Frivilligheitsregisternemnda saksutvikling



Saksutvikling i Frivillighetsregisteremnda

Tal på saker 2019

Saker avslutta med vedtak	13
Saker avslutta utan vedtak (klage trekt)	0
Sum	13

Saker der klagen blei tatt til følge	1
Saker der klagen ikkje blei tatt til følge	11
Saker returneres til Frivillighetsregisteret for ny behandling	1

Saker avslutta med vedtak, fordelt på saksforhold

Nektet registrering i Frivillighetsregisteret	4
Nektet registrering med deltakelse i Grasrotandelen	8
Nektet registrering av vedtekter i Frivillighetsregisteret	1



3.10 Medieklagenemnda

Medlemmene i Medieklagenemnda er frå 1. juli 2019 leiar Bjørnar Borvik, nestleiar Gunn Enli, Karin Fløistad, Camilla Lauritzen og Leif Holst Jensen.


Vara medlemmer er Torger Kielland, Tanja Storsul og Charlotte Reedtz.

Talet på innkomne saker har auka i 2019 samanlikna med fjoråret. Produksjonen har vore god. Medieklagenemnda avgjorde 17 saker i 2019, éi sak meir enn i 2018. Saksbehandlingstida har likevel gått opp, men dette kjem delvis av at Klagenemndssekretariatet hausten 2018 måtte redusere ressursbruken resten av året for Medieklagenemnda for at ressursbruken ikkje skulle gå over dei tildelte årsverka for nemndene som er underlagde Kulturdepartementet totalt for året, og at sak 2018/485 (Rubicon TV AS) var ei ressurskrevjande sak som Medieklagenemnda brukte lang tid på å behandle.

I år som dei to åra før gjeld fleirtalet av sakene tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk.

Den største og mest utfordrande saka Medieklagenemnda avgjorde i 2019, var sak 2018/485

Medieklagenemnda Utvikling i saksbehandlingstida



(Rubicon TV AS). Denne saka gjaldt avslaget frå Norsk filminstitutt (NFI) på krav om utbetaling av første rate av produksjonstilskot til produksjonen «Fremvandrerne». Nemnda var ikkje einig i korleis NFI tolka produksjonsavtalen som var inngått mellom Rubicon TV AS og HBO Nordic AB, og heller ikkje i korleis NFI tolka forskrift om tilskot til audiovisuell produksjon § 3-3 bokstav b. Vedtaket frå NFI om ikkje å betale ut første rate av produksjonstilskotet blei på bakgrunn av dette oppheva.

I 2019 behandla Medieklagenemnda også ei sak om fastsetjing av aldersgrense på film – sak 2019/488 (United International Pictures AS). Saka



Den største og mest utfordrande saka Medieklagenemnda avgjorde i 2019, var sak 2018/485 (Rubicon TV AS).

Saksutvikling i medieklagenemnda

Tal på saker 2019

Saker avslutta med vedtak	14
Saker avslutta utan vedtak (klage trekt)	3
Sum	17

Saker der klagen blei tatt til følgje	4
Saker der klagen ikkje blei tatt til følgje	10

Saker avslutta med vedtak, fordelt på saksforhold


Søknad om tilskot til audiovisuell produksjon og formidling	12
Søknad om tilskot til nyheits- og aktualitetsmedium	2
Søknad om tilskot til lokale lyd- og bildemedium	1
Konsesjon for kringkasting	1
Klage på vedtak om aldersgrense på film	1

gjaldt fastsetjing av aldersgrense for filmen *Fast & Furious: Hobbs & Shaw*. Medietilsynet hadde fastsett aldersgrense 15 år for filmen, med bakgrunn i at «filmen inneheld store mengder actionvald, og har fleire scener med nærgåande og brutale skildringar av slåsskampar». United International Pictures AS klaga på vedtaket og kommenterte mellom anna at tidlegare *Fast & Furious*-filmar hadde aldersgrense 12 år, og at også andre filmar med same type vald hadde fått aldersgrense 12 år. Det blei vidare vist til at filmen har fleire humoristiske parti, og at filmen hadde fått aldersgrense 11 år både i Sverige og Danmark.

For fleirtalet blei det avgjerande at filmen er prega av store mengder actionvald, at mange av scenene er langvarige og realistiske, og at dette blir forsterka av lyd effektar og nærgåande og detaljerte bilete. Grunnstemninga blei også oppfatta av fleirtalet som mørk, og sjølv om det blir brukt verkemiddel som humor og ironi i filmen, var dette ikkje brukt på ein måte som i stor nok grad reduserte skadepotensialet for 12-åringar. På bakgrunn av dette blei klaga forkasta, og aldersgrensa blei dermed 15 år for filmen.

Medieklagenemnda delte seg i synet på i kor stor grad filmen hadde skadepotensial for 12-åringar.

Medieklagenemnda saksutvikling



3.11 Energiklagenemnda

Energiklagenemnda er klageinstans for reguleringsstyresmakta for energi etter lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilova) § 2-3. Klageordninga tredde i kraft 1. november 2019. Alle klager på enkeltvedtak som er gjorde av reguleringsstyresmakta for energi med heimel i energilova og naturgasslova med tilhørende forskrifter, skal behandlast av Energiklagenemnda.

Energiklagenemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta som følgje av krav om ein uavhengig klageinstans for dei vedtaka reguleringsstyresmakta for energi gjer etter innføringa av den tredje energimarknadspakken i EØS-avtalen. Den nærare organiseringa av og kompetansen til Energiklagenemnda er regulert i forskrift 24. oktober 2019 nr. 1420 om Energiklagenemnda.

Medlemmene i Energiklagenemnda blei oppnemnde i statsråd 29. november 2019. Energiklagenemnda har desse medlemmene: Per Conradi Andersen (leiar), Helle Hertwich Grønli, Morten Sundt, Edna Grepperud og Henrik Bjørnebye. Nemndleiarer er oppnemnd i ei åremålsstilling på seks år og kan oppnemnast

på nytt éin gong. Dei andre medlemmene er oppnemnde for ein periode på fire år og kan oppnemnast på nytt.

Energiklagenemnda registrerte ingen klagesaker til behandling i 2019 og har heller ikkje hatt nokon møte i perioden. Aktivitetane til Energiklagenemnda har i hovudsak vore knytte til arbeidet med oppstartinga av nemnda, inkludert planlegging og tilrettelegging for framtidig arbeid. Det følgjer av forskrift om Energiklagenemnda § 2 at Klagenemndssekretariatet skal utføre dei oppgåvene som leiaren pålegg sekretariatet, eller som går fram av forskrifta eller instruks.

3.12 Kompetanseprosjektet i regi av Difi

Klagenemndssekretariatet fekk etter søknad tildelt midlar frå Difi til å gjennomføre eit kompetanseprosjekt i organet. Klagenemndssekretariatet er framleis eit ungt organ, og det blei sett i verk eit prosjekt for å skape ein felles kultur og arbeidsmåte i organet på tvers av nemnder og sekretariat. Det er også viktig å få kartlagt kva forventningar begge partar har til arbeidet til kvarandre. Målet er også å få teama innan sekretariatet til å samarbeide optimalt.



3.13 Nordisk samarbeid er etablert

Administrasjonen i Klagenemndssekretariatet deltok på det første møtet i eit nordisk samarbeid mellom organ i dei ulike nordiske landa som handterer fleire nemnder i same organisasjon. Det første møtet blei halde av Nævnenes Hus i Viborg. Sekretariat for organ med ansvar for fleire klagenemnder frå Grønland, Island, Danmark og Noreg var til stades. Føremålet med det nordiske samarbeidet er erfarings- og kompetanseutveksling på administrative og faglege felt.

Møtet med dei andre nordiske landa viste at vi har mange av dei same utfordringane. Difor har ein stor nytte av å samanlikna seg med andre tilsvarande organ utanfor Noreg, samt utveksla erfaringar.

3.14 Innsynskrav 2019

Klagenemndssekretariatet har brukt mykje ressursar på å behandle krav om innsyn også i 2019. Totalt behandla Klagenemndssekretariatet 359 innsynskrav i 2019 mot 334 i 2018.

Nemnd	Innsynskrav
Frivilligheitsregisternemnda	3
Lotterinemnda	20
Medieklagenemnda	35
Stiftelsesklagenemnda	46
Energiklagenemnda	0
Konkurransklagenemnda	3
KOFA	249
KNS	3
Sum innsynskrav 2019	359



Representanter frå dei ulike nordiske landa under det første møtet i det nordiske samarbeidet den 18. og 19. november 2019 i Viborg.

3.15 Vurderingar av om Klagenemndssekretariatet oppfyller dei strategiske måla

Gjennom 2019 er det gjennomført rapportering på risikoindikatorar for å følgje opp at Klagenemndssekretariatet utviklar seg rett når det gjeld strategi og dei måla som er spesifisert nedanfor:



Mål 1

Velfungerande og effektivt organ med høg legitimitet

Nokre av aktivitetane som har vore gjennomførte i 2019, for å sikre mest mogleg effektiv drift av sekretariatet innanfor dei tilgjengelege administrative ressursane. På eit overordna plan har organet lykkast med å prioritere rett ut frå dei måla som var sette for verksemda ved inngangen til 2019. Organet har, ut frå storleiken, hatt svært mange kortvarige tilsetjingar i 2019. Det har vore svært ressurskrevjande og er ikkje optimalt for ei effektiv drift framover, men det var dette som var mogleg å gjennomføre ut frå budsjettsituasjonen.

1 Risiko- og sårbarheitsanalyse: Det er gjennomført ei ROS-analyse slik at organet er rusta til å vurdere overgang til skytenester både på IT og arkiv. Dermed vil organet kunne samhandle sikrare, meir kostnadseffektivt og meir effektivt med dei 53 eksterne nemndmedlemmene som organet handterer.

2 Nytt timeregistreringssystem: Det er utvikla eit nytt timeregistreringssystem som gjer at saksbehandlarane brukar mindre tid på timeregistrering.

3 Rekruttering, tilsetjings- og innføringsprosessar: Organet har prioritert å gjennomføre raske og effektive tilsetjingsprosessar med ein gong budsjettforholda har gjort det mogleg å tilsetje vikarar. Dette har vore heilt avgjerande for at vi skulle kunne oppnå lågare saksbehandlingstid for KOFA. Dette har blitt prioritert framfor andre administrative gjeremål. Det har vidare blitt gjennomført opplæring av nye tilsette for å få dei raskt i gang. Organet deltek kvart år på ALD-dagen på juridisk fakultet i Bergen for å informere studentar om moglegheiter for jobb, trainee moglegheiter og masterstipend.

4 Nettside: Nettsida til Klagenemndssekretariatet blir jamleg oppdatert med nyheiter frå alle nemndene organet koordinerer. Sida inneheld også ei informativ og oppdatert oversikt over kva ein kan klage på, og korleis ein klagar.

5 KOFA-konferansen og nyheitsbrev: KOFA-konferansen gjev KOFA legitimitet i den forstand at det blir lagt vekt på den rettsutviklinga som nemnda bidreg til med avgjerdene sine. Legitimiteten aukar også med nyheitsbrev, som kjem ut fire gonger i året.



Mål 2:

Lågast mogleg saksbehandlingstid per nemnd

Organet legg kontinuerleg vekt på effektivitet. Saksbehandlingstida for dei ulike nemndene går fram av tabellane som blei presenterte under kvar nemnd.

Målet er at ingen av nemndene skal ha ei saksbehandlingstid på meir enn 3 månader. For prioriterte saker er KOFA godt innanfor dette målet, men for uprioriterte saker er KOFA eit godt stykke unna. Organet klarte likevel å nå målet om over 160 avgjorde klagesaker, og saksbehandlingstida er på veg nedover. Målet er å redusere henne til 3 månader i løpet av 2020–2021.

Organet klarte å fullføre Telenorsaka innanfor fristen på 6 månader og har låg saksbehandlingstid for dei andre klagesakene. Måloppnåinga for Konkurransesklagene nemnda er svært god.

Saksbehandlingstida i Stiftelsesklagenemnda har gått mykje ned, og framdrifta er svært god. Vi meiner derfor at det er høg måloppnåing for denne nemnda.

Saksbehandlingstida for Lotterinemnda har gått opp, men produksjonen har vore høg. Målet om saksbehandlingstid på under 3 månader er ikkje nådd, men dette kjem av for lite tilgjengelege ressursar totalt sett for KUD-nemndene.

Saksbehandlingstida for Frivillighetsregister-nemnda har gått ned, men er framleis ikkje ned i 3 månader, og måla for denne nemnda er ikkje nådd i 2019 sjølv om produksjonen har vore god.

Saksbehandlingstida har auka for Medieklagene nemnda, men produksjonen har vore høg, og nokre av sakene har kravd mykje ressursar. Måla er ikkje nådde, men dette kjem av at det er for lite tilgjengelege ressursar totalt for KUD-nemndene.

Målet er at ingen av nemndene skal ha ei saksbehandlingstid på meir enn 3 månader.

NEMNDENE I MEDIA

Arkitektnytt

Konkurranser

Statsbygg frikjent fra regjeringskvartal-klage

Klagenemnda for offentlige anskaffelser har frikjent Statsbygg i arbeidet med det nye regjeringskvartalet.

Hanna Maria van Zijp • 4. desember 2019



– Eg skjønner ei veldig godt at Nordic har et så stort Nordic Office of Architecture i Norge.

Konkurranselagenemnda opprettholder vedtak om å legge Telenor et gebyr på 788 millioner

Det er rekordhøyt i norsk sammenheng.




DN Dagens Næringsliv

IntraFish

Abonner

NYHETER

SISTE JOBBER Key Account Manager, NHST Sjømat



Norges sjømatråd får skarp kritikk for ikke å ha lydt ut konkurransen om kjøp av pr-tjenester for 4,4 millioner kroner. Foto: Norges sjømatråd

Norges sjømatråd fikk gebyr etter pr-krangel

Norges sjømatråd lyste ikke ut kontrakt med verdi på 4,4 millioner kroner for kjøp av kommunikasjonstjenester de neste tre årene. Nå har Klagenemnda for offentlige anskaffelser (Kofa) gitt skarp kritikk og gebyr på 440.000 kroner.

26. august 2019 10:00 CET OPPDATERT 26. august 2019 10:26 CET
Av Redaksjonen IntraFish Media

Det skriver Dagens Næringsliv. Avisen skriver at administrerende direktør Henrik Halvorsen i pr-byrået Gambit leste i avisen at konkurrenten WergelandApenes hadde vunnet millionkontrakten hos Norges sjømatråd.

«Vi gleder oss over storkontrakt med Norges sjømatråd. Sammen med gode FleishmanHillard-kolleger i 20 andre land skal vi arbeide for å få enda mer norsk sjømat på...

Logg inn

Norsk filminstitutt trakk millionstøtte til storserie – må betale likevel

Norsk filminstitutt må betale 9,5 millioner til den norske HBO-debuten «Befoerigners», etter at Medieklagenemnda kom til at deres tilskudsnekt var ugyldig.

KOFA: Hoffet brøt reglene om offentlige anskaffelser

Det kongelige hoff brøt reglene da det inngikk en kontrakt om malertjenester i 2016 uten å legge oppdraget ut på offentlig anbud, konkluderer Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA).



Hoffsfjef Gry Malleskog (tv.) sier de nå skal gå nærmere gjennom avgjørelsen fra KOFA.
FOTO: ALDUN BRAASTAD

Pedja Kalajdzic
Journalist

Knut Øyvind Hagen
Journalist

Publisert 5. sep. 2019 kl. 14:38
Oppdatert 6. sep. 2019 kl.

ANBUD 365

Holder deg oppdatert om offentlige anskaffelser

10 MEST LESTE

24. JANUAR

OFFENTLIG

FORSIDEN LEVERANDORREGISTERET BRANSJER INTERNASJONALT FAGKONFERANSER NYTT OG NYTTIG FRA ANSKAFFELSESR

LEVERANDORER

Kofa kjemper for å kutte saksbehandlingstid – overoppfylte 2019-målet

TEMAER: Gebyr Klage KOFA Statistikk



Leder av Klagenemndssekretariatet, direktør Anneline Vingsgård, skriver i Kofa-nyhetsbrevet at kort saksbehandlingstid vil være mulig å oppnå innen utgangen av 2020. Men andelen såkalte gebyrsaker, som er mer krevende enn vanlige klagesaker, øker i antall og andel.

PUBLISERT AV: LENNART HOVLAND 23. JANUARY 2020

SEND ARTIKKELEN PÅ E-POST SKRYV UT ARTIKKELEN

Kofas «kutt-prosjekt» gav gode resultater i 2019: Målet var å avgjøre 160 saker, resultatet ble 168. Prosjektet har vært i gang i nærmere ett års tid og har som

Lotterinemnda avviser klagen fra Lyonesse

Lotterinemnda har avvist klagen fra Lyonesse, og slår fast at det er et ulovlig pyramidelignende omsetningssystem.



skuttene – feilgt av lsteren



Mål 3 og 4

Høg kvalitet på dei juridiske tenestene organet gjev, og profesjonalitet i saksbehandlinga

Klagenemndssekretariatet har jamlege dialogmøte med nemndene for kunne auke kvaliteten på dei tenestene organet tilbyr. God dialog og tillit mellom nemndleiarer/nemndmedlemene og sekretariat er avgjerande for eit godt samarbeid.

Tilbakemeldingane frå nemndleiarane er at dei i hovudsak er nøgde med dei juridiske tenestene organet tilbyr. Kvaliteten på KOFA-arbeidet er framleis god trass i auka produktivitet i 2019, og den nye nemndleiarer er svært nøgd med arbeidet som blir gjort for KOFA. Det er ikkje gjennomført brukarundersøking for KOFA i 2019, men det vil bli gjennomført i 2020. Det er ingenting som tyder på at legitimiteten til KOFA har blitt redusert i 2019, og det har ikkje vore nokon saker med negativ omtale av KOFA i 2019. KOFA har hatt ein rekkje saker av stor samfunnsmessig interesse i 2019, og media oppslaga har vore mange, jf. side 40.

På dei rettsområda Klagenemndssekretariatet ikkje hadde kunnskap om frå før – rettsfeltet til KUD-nemndene – har kompetansenivået auka vesentleg. På grunn av ressursituasjonen er det dessverre framleis slik at det ikkje er mogleg for sekretariatet å tilby dei enkelte

nemndene same saksbehandlar heile tida, og det gjer at det nokre gonger er utfordringar med kompetanseoverføring. Ressursane til sekretariatsarbeidet for KUD-nemndene er knappe og nemndleiarane ynskjer meir tenester frå sekretariatet enn det dei får i dag, slik at kvaliteten på nemndsarbeidet kan bli endå bedre.

Nemndleiarer for Konkurranseskagenemnda er framleis svært nøgd med det arbeidet sekretariatet utfører for nemnda både fagleg og administrativt, og kompetansen innanfor konkurranserett i organet er større enn nokon gong.

Det er registrert saker som direkte gjeld positiv omtale av Klagenemndssekretariatet. Dette gjeld til dømes ved oppslag om reduksjon av saksbehandlingstida i KOFA. Det har elles vore svært mykje omtale av saker som organet har handtert. Dette viser den store interessa for avgjerdene til nemndene, og spesielt gebyrsakene som det no blir avgjort fleire av.

Det har i 2019 ikkje vore nokon saker som har blitt klaga inn eller gjorde om på grunn av saksbehandlingsfeil i sekretariatet.

Del 1: Hvilke forventinger har vi til rollene som hhv
nemdsleder/ nemdsansvarlig? Og til leder?

Diskussion og refleksjon i grupper på 3, fokus på én rolle om gangen:

Nemdsansvarlig: Hva tror jeg nemdslederne forventer av meg/ min rolle?
Nemdsleder: Hva forventer jeg som nemdsansvarlig?
Leder: Hva forventer jeg som nemdsleder?

AFF



IV

IV Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna om styring og kontroll av verksemda i 2019

Klagenemndssekretariatet har det siste året utvikla eit prosessorientert leiingssystem der prinsipp for integrert styring, risikostyring og evaluering kontinuerleg blir utvikla for å imøtekomme eksterne og interne krav, og endringsbehov. Det er sett opp mål for kvar av nemndene, og det er utvikla styringsrapportar for å evaluere utviklinga og for at vi skal oppnå måla vi har sett for dei komande åra.

Styring av risiko er ein sentral leiingsprosess med definerte krav til korleis risikovurderingar skal utførast. Det er etablert overordna kriterium for risikoaksept i ei felles risikomatrix som blir vurdert gjennom året.

Gjennom prosessutforming og skildring av arbeidsprosessar vil vi prøve å identifisere risikoar og moglegheiter. Slik knyter vi styringsmål til ressursbruk og effektivisering i dei risikovurderingane vi utfører. Det er på slutten av året starta opp ein prosess med ROS-analyse med ekstern støtte. Det endelege resultatet av dette arbeidet er venta å vere ferdig i midten av februar 2020.

Verksemdsstyringa

Klagenemndssekretariatet følgjer strategiplanen som blei vedteken i 2018 for tidsperioden 2018–2022, og som viser i kva retning organet skal styrast. Strategiplanen heng også saman med andre styringsdokument i tillegg til dokument for rapportering, inkludert delårsrapportering og årsrapport, og føringar i tildelingsbrevet og ekstra føringar gjennom året.

Samfunnsoppdraget vårt skal utførast på best mogleg måte, slik at dei langsiktige måla som er sette, blir nådde. Ressursane blir prioriterte basert på kontinuerleg vurdering av oppgåver som skal løysast, og basert på ei overordna styring ut frå tildelte midlar per nemnd. Det er definert tiltak til kvart mål, og det er sett opp delmål med vekt på effektar og å vise fram dei effektane vi oppnår.

Etatsstyring

Styringsdialogen går fram av tildelingsbrevet. Hovudinstruksen fastset mynde, ansvar og oppgåver for styringa av organet. Måloppnåinga og ressursbruken er vurdert i del III. Den overordna vurderinga vår er at måloppnåinga er god for 2019. Klagenemndssekretariatet har hatt tre etatsstyringsmøte med Nærings- og fiskeridepartementet i 2019, og vi har fire gonger rapportert om måloppnåing, resultat og eventuelle avvik. Annan dialog har vore avhengig av behov.

Det har vore god og konstruktiv dialog med Nærings- og fiskeridepartementet gjennom året, og vi er einige om felles avgjerande rapporteringsparametrar for å sikre måling på dei viktigaste måla. Strategiplanen vil bli evaluert i 2021 med departementet.

Internkontroll

Klagenemndssekretariatet har laupande internkontroll, og innføringa av eit avviks- og forbettringssystem har gjort at avvik og forbetringar blir følgde opp systematisk. Når det gjeld internkontroll, er det identifisert forbettringspunkt innanfor GDPR som har vore tett følgde opp. Mindre avvik som har blitt rapporterte inn i løpet av året, har blitt retta opp. Ved ekstern testing av nettsida vår blei det avdekt avvik som leverandøren har ordna opp i.

God internkontroll oppnår ein ved å etterleve regelverk og tilhøyrande intern praksis. Gjennom året har vi rapportert til overordna departement om økonomistyring, prognosar og ressursbruk. I tillegg blir rapporteringane evaluerte, og det blir gjort prioriteringar basert på desse analysane. Kontinuerlege avvik frå avvikssystemet vårt og forbettringsforslag blir følgde opp for å identifisere og setje i verk tiltak og hindre skade. Internkontrollarbeidet er ein kontinuerleg prosess. Ved behov blir det sett i verk korrigerande tiltak.

Klagenemndssekretariatet vurderer at internkontrollen i organet er god. Vi har gjennom året kartlagt tilstanden på internkontrollen og identifisert forbettringspunkt. Internkontrollen er no ein del av den fullverdige verksemdstyringa.

4.2 Kompetanseoverføring

For 2019 blei det gjennomført ei endring av organisering av nemndene ved at dei 4 KUD-nemndene fekk 3 ulike saksbehandlarar. Endringa blei utført for lettare å tildele ressursar til dei nemndene som hadde størst behov, og for å få meir effektivitet ved at færre saksbehandlarar arbeidde med kvar nemnd.

I KOFA blei «Prosjekt KOFA» etablert, og der blei det tilsett 6 vikarar som skulle arbeide med å få etterslepet ned til 3–6 månader. Dei etablerte juristane med lengst erfaring måtte overføre kompetanse til dei ny tilsette raskt for å sikre ein god innføringsprosess.

4.3 Beredskap, tryggleik og HMS

Klagenemndssekretariatet har utforma ein beredskapsplan og etablert ei beredskapsgruppe for å kunne handtere uønskte hendingar. Dei tillitsvalde og verneombodet er involvert i desse prosessane. Når det gjeld beredskapsøvingar, er det planlagt skrivebordsøvingar og fysiske øvingar med innkomande post. Dette blir gjennomført våren 2020. Risikoanalysen som blei sett i gang hausten 2019, har også resultert i oppdatering av beredskapsøvingane.

Det er også tett samarbeid med den lokale huseigaren om gjennomføring av brannøvingar for heile bygget og opplæring i helse, miljø og tryggleik på ein heilskapleg måte.

Med utgangspunkt i NOU 2018: 14 IKT-sikkerhet i alle ledd – organisering og regulering av nasjonal IKT-sikkerhet har Klagenemndssekretariatet gjennomført ein ROS-analyse for å kaste lys over truslar om avhengnad og rettferdsverdiar i 2019. Dette omfattar ROS-analyse av både infrastruktur og arbeidsprosessar for å sjå nærare på risiko, moglege situasjonar og konsekvensar av uønskte hendingar. Det er også gjort ei vurdering av risikoar ved ein mogleg overgang til ein annan driftsleverandør og laga ei skildring av kva endringar som må til for å kunne få arbeidet utført, fordi Klagenemndssekretariatet har delar av IT-infrastrukturen felles med Konkurransetilsynet. Ein ekstern konsulent har også skildra risikofaktorar ved overgang til skyteneste for e-post- og arkivløysinga til Klagenemndssekretariatet.

Alle tilsette får grunnopplæring innanfor helse, miljø og tryggleik. I september gjennomførte bedriftshelsetenesta opplæring i livredning og hjartestartar for alle dei tilsette.

Klagenemndssekretariatet hadde i andre kvartal 2019 dialog med NFD om vurdering av nasjonalt avgrensa nett. Det blir ikkje vurdert å vere behov for det på kort sikt, men dette blir vurdert kontinuerleg.

4.4 Personvern

Klagenemndssekretariatet tok i 2018 i bruk nye personvernreglar etter eit omfattande internt arbeid med kartlegging av personalrutinar i heile organet. Det blei også gjennomført ein risiko- og konsekvensanalyse, og det blei utarbeidd retningslinjer i tråd med ny personopplysningslov. Det blei også oppretta eit personvernombod, og det er informert om dette i personvernerklæringa på nettsida vår. Seniorrådgjevar Kari Sælen har vore personvernombod i 2019.

Nye databehandlingsavtalar er utarbeidd i år. Protokollen blir oppdatert etter kvart. Det har ikkje vore varsla om brot på GDPR internt eller eksternt i 2019.

4.5 Mangfald og likestilling – inkluderingsdugnaden

Inkluderingsdugnaden er eit felles samfunnsoppdrag for å få fleire i arbeid. Det er eit overordna mål at 5 prosent av dei ny tilsette skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en.

Klagenemndssekretariatet skal fremje likestilling og hindre diskriminering innanfor verkeområdet vårt. Tenestene frå organet skal vere likeverdige for alle innbyggjarane. Det er ved rekruttering lagt opp til aktiv rekruttering av og tilrettelegging for underrepresenterte grupper. Med ein prosentdel på om lag 11 prosent oppnådde vi 5-prosentmålet i 2019. Dei nye rutineane våre for å vurdere søkjarar og tett dialog med Nav i Bergen har vore avgjerande for at vi har nådd målet.

Tiltak og resultat i inkluderingsdugnad

Tiltak	Resultat og erfaringar	Vegen vidare
Tilpassing av jobbanalyse til målgruppa	Fleire i målgruppa søker til oss, men vi går ut frå at det reelle talet på moglege kandidatar er større.	Vi vil vidareutvikle jobbanalysen meir etter dialog med og tilbakemeldingar frå eksterne søkjarar.
Endring av utlysingsteksten for å informere søkjarane generelt om inkluderingsdugnaden i staten	Fleire i målgruppa søker til oss og gjev tilbakemelding på at dei har fått ny informasjon.	Vi vil sjå på fleire endringar av utlysingstekstane etter eit felles arbeidsseminar med andre statlege etatar i haust.
Kompetanseheving blant leiarar og tillitsvalde i mangfaldig leiing	Vi har utvida rekrutteringspraksisen og vidareutvikla miljøet.	Vi vil utvikle kompetansen vidare basert på årets erfaring.
Mangfald og inkluderande kultur og haldningar	Vi har gjeve meir informasjon til alle tilsette.	Når tilsette og ny tilsette er opne i miljøet, vågar fleire å informere om nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en. Eit tillitsskapande miljø gjer at arbeidsmiljøet blir endå betre på sikt.
Informasjon om inkluderingsdugnaden på nettsida vår	Fleire eksterne har gjennom året ringt oss for å få informasjon om korleis vi tek vare på tilsette med nedsett funksjonsevne eller med høl i CV-en.	
Samarbeid med Nav i Bergen	Totalt sett er det dette tiltaket som har gjeve best effekt. Vi utforma ein jobbanalyse som vi formidla til Nav, og deretter spurde vi om dei kunne tilby ulike kandidatar som passa i målgruppa. Vi fekk fleire gode kandidatar, og vi valde ut ein kandidat som blei tilsett hos oss.	Vi har erfart at Nav sit på ein stor kunnskapsbase om kandidatar i målgruppa. Dette er eit tiltak som burde vore gjeve som eit nasjonalt tiltak. Dialogen med Nav vil vi halde fram med utover i 2020 for å sjå om vi lykkast med å kome i dialog med fleire aktuelle kandidatar.

Tilsette i 2019 med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en

Tilsetjingar	2019
Ny tilsette totalt	9 (4 menn og 5 kvinner)
Ny tilsette i målgruppa	1
Prosentdel av nytilsette med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en	11 %

Av dei ny tilsette er to fast tilsette, medan resten er vikarstillingar.

Tiltak for å styrke inkluderinga i Klagenemndssekretariatet

Klagenemndssekretariatet har i 2019 prioritert å sikre inkluderingsperspektivet i rekrutteringsprosessen. Vi har endra utlysingstekstane slik at dei er meir inkluderande overfor målgruppa i inkluderingsdugnaden. Vi har også gått gjennom rutineane for korleis vi vurderer søknader og CV-ar, slik at vi no kallar inn fleire frå målgruppa til intervju.

I tabellen har vi skildra tiltaka vi sette i verk for å rekruttere meir inkluderande. Vi har også skildra resultat og erfaringar vi har gjort oss til no. Generelt meiner vi at vi har oppnådd gode effektar av dei tiltaka vi har sett i verk.

4.6 Offentlege innkjøp og arbeidslivskriminalitet

Ved kjøp av varer og tenester følgjer Klagenemndssekretariatet ved tildeling av oppdrag dei reglane som følgjer av lov og forskrift om offentlege innkjøp og forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

Klagenemndssekretariatet er oppteke av å motverke arbeidslivskriminalitet. Ved tildeling av oppdrag og oppfølging av inngåtte kontraktar i 2019 er det etablert system og rutinar i innkjøp for å motverke arbeidslivskriminalitet.

I innkjøpsstrategien er det spesifisert ein rutine for å hindre arbeidslivskriminalitet og sikre etterleving av krav til lønns- og arbeidsvilkår. Organet nyttar i størst mogleg grad Statens innkjøps-senter og fellesavtalar med Konkurransetilsynet. I 2019 er det ikkje gjennomført innkjøp over terskelverdien for statlege myndigheiter, og dei fleste innkjøpa er under 100 000 kroner eks. mva. Klagenemndssekretariatet har i 2019 ikkje registrert brot på regelverket.



4.7 Digitaliseringstiltaka gjennom året

1. **Felles plattform:** Vidareutvikling av søkjekriterium på alle saker på nettsida for å gjere henne meir brukarvenleg og dekkje fleire av behova som eksterne brukarar har meldt inn.
2. **E-innsyn:** 99 prosent av innsynsprosessane er elektroniske.
3. **E-formidling:** Difi-grensesnitt for både private, bedrifter, kommunar og statlege organ.
4. **Elektronisk konferanseadministrasjon:** Kursdeltakarar melder seg på elektronisk og får elektronisk faktura for betaling. Dette er utvikla ut frå behov frå brukarane.
5. **Elektronisk faktura utgåande faktura:** 95 prosent elektronisk faktura på inngåande fakturaer: Status er 99 prosent på utgåande fakturaer.
6. **Elektroniske møte:** I mindre saker og i KOFA har det vore gjennomført elektroniske møte i 100 prosent av sakene. I større komplekse saker der ein må sitje saman over lengre tid, ønskjer nemndleiarane fysiske møte. I Konkurranseskagenemnda har det også vore praktisert munnlege høyringar der fysiske møte har vore nødvendig.
7. **Reduksjon av trykte sakspapir:** Alle sakspapir blir sende ut elektronisk. Det har berre unntaksvis vore nytta papir, i tilfelle der det har vore nødvendig.
8. **Innføring av Økonomiinfo:** Alt økonomi-, rekneskaps- og prognosearbeid har vore handtert digitalt til alle brukarar.
9. **Innføre prosjektmodul i Agresso:** Det er lagt til rette for utfasing av eit av tidsregistreringssystema slik at vi frå 2020 tidsregistrerer i ei felles løysing.
10. **Gjennomført forprosjekt for skyteneste og arkivløysing.**

4.8 Styring og kontroll

Klagenemndssekretariatet blir revidert av Riksrevisjonen. Dei gjennomfører interimsrevisjon i årsoppgjeret og den årlege revisjonen. Samarbeidet blir opplevd som godt.



4.9 Lærlingeordninga

Klagenemndssekretariatet har gjennom 2019 vorte knytt til eit opplæringskontor, men det har i 2019 ikkje vore administrativ kapasitet til å ta inn lærling på grunn av prioritering "KOFA" prosjektet. Organet blei godkjent som lærebedrift i 2019 og internt faglig leiar og instruktør vart godkjent. Så alt det praktiske skal vere på plass for å kunne ta inn lærling på sikt.

4.10 Risikovurderingar

Klagenemndssekretariatet er ein kompleks organisasjon med behandling av klagesaker for sju ulike nemnder som alle handhevar ulike regelverk. Sjølv om arbeidsprosessane no er straumlinjeforma for dei ulike nemndene, trengst det likevel god juridisk kompetanse innanfor alle desse fagfelta for at organet skal kunne levere saker av høg nok kvalitet og med tilstrekkeleg effektivitet. Nokre av fagfelta er svært kompliserte, og det er vanskeleg å rekruttere tilsette med den fagkompetansen som organet treng til kvar tid. Organet er derfor svært sårbart når slik kompetanse forsvinn, og ein merkar det raskt på framdrifta og kvaliteten at kompetansen er forsvunnen.

Den totale ressurstilgangen er framleis for låg samanlikna med talet på innkomne saker som skal løysast i dei respektive nemndene. Den største risikofaktoren for Klagenemndssekretariatet er at sakstilfanget og ressursbehovet for kvar klagesak er så uføreseieleg. Dette gjeld alle nemndene.

Dersom sakstilfanget aukar eller ein får saker som er svært ressurskrevjande, vil ein fort opparbeide seg etterslep som det vil vere vanskeleg å hente inn att utan meir tilførsel av ressursar. Behovet for auka grunnbemanning for å minke denne risikoen er stort.

KOFA fekk gjennom «Prosjekt KOFA» tilført 1 million kroner til tiltak for å redusere etterslepet. Organet tilsette i løpet av våren 6 vikarar til å arbeide med restansesakene i KOFA. Det er svært ressurskrevjande administrativt og fagleg å måtte rekruttere vikarar i eit slikt kort perspektiv, og mykje av gevinstane forsvinn fordi det tek så mykje ressursar frå dei tilsette, både administrativt personell og saksbehandlarar, med opplæring og personalhandtering av vikarane.

Klagenemndssekretariatet må bygge opp ein heilt ny IT- infrastruktur innan 1. juli 2020 då Konkurransetilsynet har seie opp avtala om drift av IT systemet og arkivteneste. Det er høg risiko med å få gjennomført denne omstillinga på så kort tid for eit organ med så lav bemanning administrativt som Klagenemndssekretariatet.

lederne forventer av meg/ min rolle?
ansvarlig?
forventningsgap

AFF



V

V Vurdering av framtidssutsikter

Klagenemndssekretariatet har snart vore i drift i tre år, og vi er no etablert som eit effektivt organ med openberre synergieffektar. Sjølv om ei ny nemnd har kome til i 2019, har ikkje dei administrative kostnadene auka. Sju klagenemnder får no førebudd sakene sine av eitt sekretariat, og ikkje sju ulike sekretariat, slik det kunne blitt om ikkje Klagenemndssekretariatet hadde blitt oppretta.

Det er særleg tre utfordringar som må handterast for at Klagenemndssekretariatet skal kunne halde oppe god drift framover og løyse dei oppgåvene vi har fått tildelt.

Sørgje for effektiv klagebehandling, slik at saksbehandlingstida blir halden låg innanfor dei tildelte midlane

Klagenemndssekretariatet må sørgje for at saksbehandlingstida blir halden låg for alle nemnder. Lang saksbehandlingstid er øydeleggjande for legitimiteten til nemndene, og hovudmålet for organet er å halde denne tida så låg som mogleg. Det er i hovudsak når saksbehandlingstida er låg at samfunns effektane trer inn. Om det tek over eitt år å få ein avgjerd så vil samfunns effektane vert redusert vesentleg.

KOFA har framleis for lang saksbehandlingstid, og det må framleis vere ei viktig prioritering å få denne tida ned på eit akseptabelt nivå.





Foto: Trude Brun Wilhelmsen

Fagfelta som nemndene handhevar, krev at saksbehandlarane har god kompetanse innanfor dei relevante lovverka for å kunne saksbehandle sakene effektivt og med det kvalitetsnivået som er nødvendig. Spesielt krev fagfelta offentlege innkjøp, konkurranserett og energirett mange års erfaring for å gje rett og god støtte til nemndene. Fagfelta under KUD-nemndene krev også at ein har nokre års erfaring, for å kunne gje god og effektiv støtte til nemndene. Det har vi erfart dei siste åra.

Det er derfor avgjerande for å halde saksbehandlingstida nede at Klagenemndssekretariatet klarer å halde på og rekruttere dei juristane som har best kompetanse innanfor dei aktuelle fagfelta. Då må vi også vere ein attraktiv arbeidsgjevar både når det gjeld løn og andre velferdsgode, og i tillegg må vi vere ein arbeidsgjevar som verdset høg juridisk kompetanse og gjev tilbod om kompetansehevingstiltak innanfor dei fagfelta vi har mest behov for kompetanse på. Internt legg vi stor vekt på å halde på medarbeidarar og rekruttere dei beste juristane, og det vil i den vidare drifta vere heilt sentralt for Klagenemndssekretariatet at vi lykkast med dette.

Ha ei høgare grunnbemanning

Grunnbemanninga i Klagenemndssekretariatet er i dag for låg. Ein for stor del av dei årlege resultatane til Klagenemndssekretariatet er avhengige av innsats frå juristar i kortvarige vikariat. Klagenemndssekretariatet brukar svært mykje ressursar på innføringsprosessar for nye vikarar og på opplæring gjennom året. Denne nye opparbeidde kompetansen forsvinn ut av organet att dersom vikarane ikkje kan tilsetjast fast. Dersom Klagenemndssekretariatet framleis skal kunne halde administrasjonskostnadene nede, må administrasjonen bruke mindre tid på rekrutteringsprosessar og innføringsprosessar framover. Dei tilsette melder om høgt arbeidspress på den enkelte, og det går ut over trivselen og lysta til å bli verande i organet over tid dersom ikkje grunnbemanninga blir auka.

Mange vikarar på ein så liten arbeidsplass, påverkar også faste tilsette til å søkje nye stillingar. Alle vikarar som har søkt til oss, vil også samtidig søkje eksternt til permanent meir fast stilling.

Etablere ny IT-infrastruktur og ei skyløysing som gjev sikrere og meir dynamiske måtar å samarbeide på

Overgang til skyløysingar og heilt ny IT-infrastruktur blir hovudprioriteringa for administrasjonen i 2020, og dette vil krevje det meste av tilgjengelege ressursar i administrasjonen. Klagenemndssekretariatet skal lausrive seg frå den eksisterande IT-drifta og finne ein ny driftsleverandør. Skyløysingar vil gje sekretariatet betre og sikrere kommunikasjon i klageprosessar og gjere Klagenemndssekretariatet i stand til å ta i bruk ny teknologi som vi ikkje har tilgang til med dagens struktur. Det er mellombels både finansiell og teknisk risiko knytt til ei slik omlegging.

Det vil vere eit stort framsteg for organet om vi klarer å gjennomføre ei slik endring i 2020 på ein vellykka måte. Endringa vil i stor grad påverke korleis sekretariatet og nemndsmedlemmane samhandlar.

Andre utfordringar framover

Klagenemndssekretariatet må vekse over tid dersom synergieffektane skal bli større enn dei er no. Dersom det kjem fleire nemnder av ein viss storleik, er dei lokala vi har i dag, for små.

A photograph of a modern building facade with a grid of windows. The building is composed of light-colored panels and dark window frames. The windows reflect the sky and surrounding environment. A large, white, stylized 'WIL' logo is overlaid on the lower left portion of the image. The sky is blue with some clouds, and the lighting suggests a bright day.

WIL

Næringsområdet Zander Kaesgate 7 

Foto: Trude Brun Wilhelmsen

VI Årsrekneskap

6.1 Leiarkommentar til årsrekneskapen for 2019

Klagenemndssekretariatet blei oppretta 1. april 2017 og er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Organet er eit statleg organ som fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Klagenemndssekretariatet dekkjer behovet for ei samordna og heilskapleg handtering av ulike typar klagesaker med ein felles struktur og administrasjon.

Stadfesting

Årsrekneskapen for 2019 er levert i samsvar med «bestemmelser om økonomistyring i staten» med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Nærings- og fiskeridepartementet. Årsrekneskapen er vurdert å gje eit dekkjande bilete av den disponible løyvinga til Klagenemndssekretariatet, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

Dei samla disponible tildelingane til Klagenemndssekretariatet i 2019 var på om lag 22,3 millionar kroner på utgiftssida, jf. oppstillinga frå løyvingrapporteringa på kapittel 912, post 01. Dette omfattar løyvingar på kapittel 0912, post 01 for 2019 på 21,2 millionar kroner, overføring av ubrukte midlar frå 2018 på 1 million kroner, jf. løyvingrapporten og note A. Dei samla disponible tildelingane på kapittel 912, post 22 var på 8,4 millionar kroner. Klagenemndssekretariatet har inntektsført 5,2 millionar kroner i brotgebyr frå Klagenemnda for offentlege innkjøp.

Løyvingsrapporten viser vidare at Klagenemndssekretariatet har ei samla meirutgift på kapittel 0912, post 01 på 0,1 millionar kroner for 2019. Meirutgifta gjeld høgare pensjonsutgifter enn prognostisert. Klagenemndssekretariatet har ei samla mindreutgift på kapittel 912 post 22 på 2,6 millionar kroner. I hovudsak gjeld mindreutgifta lågare utbetaling av sakskostnader og lågare utbetalte honorar til nemndsmedlem, enn prognostisert. Totalt 2,6 millionar kroner er søkt overførte frå 2019 til 2020. På kapittel 912, post 22 har Klagenemndssekretariatet fått stikkordet «Kan overførast» i 2019. Utgiftene i klagenemndene er i stor grad variable alt etter saksaktiviteten i nemndene der nemndsmedlemmene blir honorerte per time eller per sak i saksarbeid. Utbetaling av sakskostnader vil variere i dei ulike nemndene år for år.

Klagenemndssekretariatet har betalt ut kr 21,1 millionar kroner i løn og sosiale ytingar, jf. note 2. Av desse utbetalingane gjeld 5,8 millionar kroner honorar til nemndsmedlemmer for alle nemnder. Mellomværet med statskassen utgjorde ved årsslutt 0,8 mill. kroner. Nærare detaljar går fram av artskontorrapporteringa med notar.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Klagenemndssekretariatet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga er venta å vere klar seinast 1. mai 2020.

Bergen 28. februar 2020


Anneline Vingsgård
direktør



Foto: Trude Brun Wilhelmsen

6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemdar er utarbeidd og leverte etter nærare retningslinjer som er fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegnar i rundskriv R-115 av desember 2019 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Klagenemndssekretariatet er knytt til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar Klagenemndssekretariatet står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/postar (belastingsfullmakter) som høyrer til ei anna verksemd, kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som gjeld mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene som er gitt, kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala Klagenemndssekretariatet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvingrapportering, 31.12.2019

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindreutgift
0912	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	22 250 000	22 307 910	-57 910
0912	Driftsutgifter, Konkurranseskilgenemnda	22	Driftsutgifter	A,B	8 357 000	5 760 477	2 596 523
0900	Nærings- og fiskeridepartement- et, spesielle driftsutgifter	21		B	0	311 905	
1800	Olje- og energidepartementet	21		B	0	599 437	
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter	A,B	0	547 263	
Sum utgiftsført					30 607 000	29 526 992	

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling*	Rekneskap 2019	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3912	Klagegebyr	01	Driftsinntekter		1 124 000	822 000	-302 000
3912	Refusjonar og andre inntekter, KOFA-konferansen	02	Ymse		600 000	594 040	-5 960
3912	Brotsgebyr, KOFA	87	Ymse		4 240 000	5 155 000	915 000
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	440 635	
5700	Arbeidsgjevaravgift	72	Arb.gjevaravgift		0	2 586 411	
Sum inntektsført					5 964 000	9 598 086	

Netto rapportert til løyvingrekneskapen

19 928 906

Kapitalkontoar							
60094601	Noregs Bank KK / innbetalingar					8 225 010	
60094602	Noregs Bank KK / utbetalingar					-28 215 832	
709445	Endring i mellomvære med statskassen					61 916	
Sum rapportert						0	

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

31.12.2019

31.12.2018

Endring

709445	Mellomvære med statskassen				-773 971	-835 886	61 916
--------	----------------------------	--	--	--	----------	----------	--------

Note A Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
912 01	1 006 000	21 244 000	22 250 000
912 22	100 000	8 257 000	8 357 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av moglege beløp som kan overførast til neste år

	Kapittel og post 912 01	Kapittel og post 912 22 Kan overførast
Meirutgift (-) / mindreutgift	-57 910	2 596 523
Utgiftsført av andre ut frå gjevne løyvingfullmakter (-)	0	0
Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastingsfullmakter	-57 910	2 596 523
Meirinntekter / mindreinntekter (-) ut frå meirinntektsfullmakt	-302 000	
Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyving for neste år		
Innsparingar (-)		
Sum grunnlag for overføring	-359 910	2 596 523
Maks overførbart beløp *	1 062 200	10 257 000
Mogleg overførbart beløp rekna ut av verksemda	0	2 596 523

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga i år på driftspostane 01-29, unntateke post 24, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast».

Mottekne belastingsfullmakter

Nærings- og fiskeridepartementet gav i brev av 18. februar 2019 Klagenemndssekretariatet ei belastingsfullmakt for advokatutgifter på inntil kr 500 000 for dekking av utgifter som følgje av eit søksmål mot Klagenemnda for offentlege innkjøp etter eit gebyrvedtak mot Norges sjømatråd AS. Kostnadene skulle vore belasta direkte på kap. 0900 Nærings- og fiskeridepartementet kap. 0900, post 21 «Spesielle utgifter». Kr 0 er belasta fullmakta i 2019. Grunnen er at søksmålet blei trekt og Klagenemndssekretariatet fekk tilbakebetalt sakskostnadene i 2019.

Nærings- og fiskeridepartementet gav i brev av 18. februar 2019 Klagenemndssekretariatet ei belastingsfullmakt for etableringskostnader på inntil kr 312 000. Kostnadene er belasta direkte på kap. 0900 Nærings- og fiskeridepartementet, kap. 0900, post 21 «Spesielle utgifter», kr 311 905.

Kulturdepartementet gav i brev av 1. juni 2019 Klagenemndssekretariatet ei belastingsfullmakt for endring av honorarmodell i Stiftingsklagenemnda og Medieklagenemnda på inntil kr 577 655 under kap. 334 Film- og medieformål, post 01 Driftsutgifter. kr. 0 er belasta fullmakta i 2019. Grunnen er at det tok tid før aktiviteten kom i gang i nemndene med dei nye nemndsmedlemmene på slutten av 2019, som gjorde at det meste av effekten av endra honorarmodell først gjer seg gjeldande i utbetalingar for 2020.

Olje- og energidepartementet gav i brev av 5. februar 2019 Klagenemndssekretariatet ei belastingsfullmakt på inntil kr 2 000 000 for 2019, for etablering av Energiklagenemnda under

kap. 1800 Olje- og energidepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter. kr 599 437 er belasta fullmakta i 2019. Etableringa av Energiklagenemnda har vore forseinka, og det var avklart ventekostnader på kr 500 000 i første del av året. Energiklagenemnda starta opp 1. november 2019, og resten av utgiftene for 2019 som er belasta, gjeld løn til nemndsansvarleg i sekretariatet for desember i 2019, då 1 månadsverk blei nytta til etablering av rutinar og struktur for nemndsmedlemmene.

Fullmakt til å bruke standard refusjonar av lønsutgifter til å overskride utgifter

Refusjonar av sjukeløn på totalt kr 114 048 er nettoført i driftsutgiftene.

Refusjonar av løn av foreldrepengar på kr 405 482 er nettoført i driftsutgiftene.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Klagenemndssekretariatet har i tildelingsbrev fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 0912 post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3912, post 01.

Meirinntekt/mindreinntekt blir teke med i utrekninga av overføringa av ubrukt løyving. I 2019 var det kr 302 000 i mindreinntekt på kap. 3912, post 01. Grunnlag for brukt løyving som kan overførast, blir redusert med kr 302 000.

Moglege beløp som kan overførast

Kapittel 0912, post 02, kr 2 596 523.

Klagenemndssekretariatet har i 2019 eit meirforbruk på post 01 på kr 57.910,-.

Oppstilling av artskontorapporteringa, 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	822 000	851 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	200 000	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	394 040	503 500
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		1 416 040	1 354 500
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til løn	2	21 071 571	15 320 487
Andre utbetalningar til drift	3	7 907 958	6 489 074
Sum utbetalningar til drift		28 979 530	21 809 561
Netto rapporterte driftsutgifter		27 563 490	20 455 061
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar		0	-0
Utbetaling til kjøp av aksjar		0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	200	0
Sum investerings- og finansutgifter		200	-0
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		200	-0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetalningar av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	5 155 000	510 000
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		5 155 000	510 000
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader		0	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel*			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		440 635	18 983
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		2 586 411	1 882 982
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)		547 263	607 817
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-2 479 783	-1 294 149
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		19 928 906	18 650 913

Oversikt over mellomvære med statskassen**

Eigedelar og gjeld	Note	2019	2018
Fordringar		0	0
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-972 398	-835 886
Skuldige offentlege avgifter		0	0
Anna gjeld		198 428	0
Sum mellomvære med statskassen	6	-773 971	-835 886

Note 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2019	31.12.2018
Innbetalinger frå gebyr		
Klagegebyr	800 000	838 000
Ulovlege direkte innkjøp, KOFA	22 000	13 000
Sum innbetalinger frå gebyr	822 000	851 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Tilskot frå statlege verksemdar	200 000	0
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	200 000	0
Sals- og leigeinnbetalinger		
Eksterne refusjonsinntekter, KOFA-konferansen	394 040	503 500
Sum sals- og leigeinnbetalinger	394 040	503 500
Andre innbetalinger		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger frå drift	1 416 040	1 354 500

Note 2 Utbetalinger til løn

	31.12.2019	31.12.2018
Løn	11 708 446	8 981 777
Arbeidsgjevaravgift	2 586 411	1 882 982
Pensjonsutgifter*	1 305 305	1 346 306
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-519 530	-282 784
Honorar til nemndsmedlemmer, alle nemnder	5 784 000	3 232 000
Andre ytingar	206 940	160 206
Sum utbetalinger til løn	21 071 571	15 320 487
Tal på utførte årsverk	16,8	13,5

Utbetaling av honorar til Konkurransseklegenemnda utgjorde i 2019 kr 2,9 mill. og KOFA kr. 2,2 mill.

* **Nærare om pensjonskostnader:** Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneskapen basert på faktisk oppsamla premie for rekneskapsåret. Premiesatsen og arbeidsgjevardelen for 2019 er 12 prosent. Premiesatsen for 2018 var 12 prosent.

I 2018 blei det avdekt ein feil i grunnlaget frå Statens pensjonskasse, og Klagenemndssekretariatet fekk i januar 2019 kr. 0,4 mill. tilbakebetalt for høg pensjonspremie innbetalt i 2017 og 2018. Posten er ført mot tilfeldige inntekter i 2019.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2019	31.12.2018
Husleige	1 691 458	1 644 051
Vedlikehold av egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	0	0
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	407 418	245 022
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	0	11 775
Mindre utstysinnkjøp	182 073	160 089
Leige av maskiner, inventar og liknande	502 343	911 102
Kjøp av konsulenttenester	345 009	1 027 968
Kjøp av driftstenester for IT og arkiv	1 000 000	1 000 000
Kjøp av framande tenester	136 152	304 486
Reiser og diett	626 501	440 751
Sakskostnader som er betalte ut i Konkurransklagenemnda	2 047 526	0
Andre driftsutgifter	969 478	743 829
Sum andre utbetalinger til drift	7 907 958	6 489 074

Auke i andre utgifter til drift av eigedom og lokale 2019 gjeld reinhaldsutgifter, der ein tidlegare år ikkje har fått faktura frå leverandøren.

Auke i reiseaktivitet i Konkurransklagenemnda og fleire reiser til kurs for KOFA i 2019 samanlikna med 2018.

Kjøp av framande tenester og konsulenttenester er redusert i 2019 samanlikna med 2018. I 2018 blei det teke i bruk nytt arkivsystem og ny nettside.

Frå 2019 er det betalt ut sakskostnader i Konkurransklagenemnda.

* Frå og med 2019 vert konsulenttenester og andre framande tenester presentert separat. I sammenlikningstala for 2018 er kjøp av framande tenester omarbeida.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2019	31.12.2018
Innbetaling av finansinntekter		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
Utbetalinger av finansutgifter		
Renteutgifter	200	0
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetalinger av finansutgifter	200	0

Note 5 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

	31.12.2019	31.12.2018
Gebyr som ikkje inngår som driftsinntekt	5 155 000	510 000
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	5 155 000	510 000

Klagenemndssekretariatet kravde i 2019 inn kr 5 155 000 i brotsgebyr på saker med KOFA-gebyr. Kr 0,1 mill. frå Ballangen kommune, kr 3,8 mill. frå Bane NOR SF, kr 0,8 mill. frå Steigen kommune, kr 0,4 mill. frå Norges sjømatråd. Storleiken på rekneskapsførte gebyr vil variere frå år til år ut frå talet på saker og eigenarten på sakene.

Note 6 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2019	31.12.2019	Skilnad
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og eigarpartar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum finansielle anleggsmidler	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	-6 900	0	-6 900
Andre fordringar	199 728	199 728	
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum omløpsmidlar	192 828	199 728	-6 900
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum langsiktig gjeld	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-98 355	0	-98 355
Skuldig skattetrekk	-972 398	-972 398	0
Skuldige offentlege avgifter	0	0	0
Anna kortsiktig gjeld	-1 300	-1 300	0
Sum kortsiktig gjeld	-1 072 053	-973 698	-98 355
Sum	-879 225	-773 970	-105 255

Tilgodehavande løn er i denne oppstillinga omklassifisert frå annan kortsiktig gjeld til andre fordringar.



KLAGENEMNDSSEKRETARIATET

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen
knse.no